



Innhald

Leiar si melding	5	Hovudmål 1	27
Hovudtal i 2023	9	Hovudmål 2	49
Tenester	9	Hovudmål 3	55
Kompetansespreiing.....	9	Andre føringar.....	60
Bruk av statped.no	9	FNs berekraftsmål.....	60
Bruk av Facebook	9	Styring og kontroll i verksemda	62
Tilsette.....	9	Overordna vurdering.....	62
Introduksjon til verksemda og hovudtal	11	Effektiv ressursbruk.....	62
Statped og samfunnsoppdraget	11	Systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid	63
Leiging og organisasjonen	17	Likestilling og tilgjengelegheit	64
Organisasjonskart	18	Styring av bemanningsutviklinga	66
Lokalisering	19	Utvikling av leiging, medarbeidarskap og kultur	66
Presentasjon av hovudtal	20	Fellesføringar	66
Nøkkeltal frå årsrekneskapen	21	Tryggleik og beredskap.....	68
Nøkkeltal årsverk og tal på tilsette	21	Vurdering av framtidsutsikter	69
Aktivitetar og resultat i 2023	22	Utvalde område vi ønskjer å trekkje fram i 2024	69
Statpeds bidrag til sektormåla	22	Regnskap 2023	73
Risikovurderingar	23	Ledelseskommentar årsregnskap 2023	73
Kompetanseløftet	24	Prinsippnote	76
Resultat, aktivitetar, effektar og måloppnåing	25	Regnskap	78



“

Vi er tett på kvardagen til kollegaene våre i pedagogisk-psykologisk teneste og i klasseromma. Det gir oss ei unik forståing av behova deira for kompetanse og kapasitet.

Leiar si melding

Oppdraget som barnehagane og skulane har, er omfattande og komplekst. Samstundes varierer føresetnadene til eigarane mykje når dei skal gi likeverdige tilbod til barn og elevar. Forsking og resultat frå tilsyn viser at vegen er lang til målet om inkluderande læringsfellesskap for alle. Statped erfarer det same frå praksis. Vi veit at barn og elevar med nedsett funksjonsevne, sansetap og komplekse vanskar trivst dårlegare i skulen enn jamaldringane deira gjer, at fråfallet i vidaregåande skule også er større, og at kjensla av utanforskap kan vere stort.

Vi er bekymra. Og sidan ein barndom går fort, veit vi at det hastar å hjelpe dei det gjeld.

Statped er Noregs største, statlege kompetanseverksemd innan spesialpedagogisk rådgiving og tilrettelegging. I 2023 gav vi støtte i individsaker til over 93 % av kommunane i landet. Vi gler oss over fleire systemsøknader og mange deltakarar på kursa og konferansane våre. Då får vi delt kompetansen vår med mange på same tid. I kompetanseløftet opplevde vi jamvel auka etterspurnad. Vi deltok i over 160 nettverksmøte, samlingar og konferansar og

bidrog med spesialpedagogiske perspektiv og kompetanse. No er Statped representert i samarbeidsforum i alle fylke.

Samstundes ser vi at fleire kommunar og fylkeskommunar treng meir støtte. Fleire barnehagar og skular også. Sjølv om vi gir tenester til dei fleste kommunane i landet, ser vi at det er stor skilnad i kva tenester dei spør etter. Det krev kompetanse å identifisere og forstå spesialpedagogiske behov hos barn og elevar – og å søkje om støtte. Vi får stadig betre kunnskap om kva for kommunar som etterspør kva for tenester, og vi har

godt samarbeid med Statsforvaltaren. Slik gjer vi tilboda våre tydelegare for kommunar som sjeldan spør om bistand på Statpeds område.

Relevant, synleg og føreseieleg aktør

Vi er tett på kvardagen til kollegaene våre i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og i klasseromma. Det gir oss ei unik forståing av behova deira for kompetanse og kapasitet. «Spør oss»-tenesta vår sørgjer for at vi dagleg har fingeren på pulsen. Vi ser ein vekst i søknader knytt til samansette læreveskar (SLV) og språk/tale, og sakene

blir stadig meir komplekse. Kommunane etterspør kompetanseheving innan alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Behovet aukar sterkt, og vi ser også at merksemda om alvorleg skulefråvær aukar.

For å kunne gjere meir for fleire, har vi særleg arbeidd med å forenkle søknadsprosessane våre. Derfor ferdigstilte vi prosjektet «ei dør inn» i 2023. Stor takk til alle som bidrog til å teste og foreslå forbetringar. Ved slutten av året såg vi allereie gode resultat av at ventetida gjekk ned. Det er enklare å søkje – og raskare å få svar. Når ei teneste er innvilga, er det viktig at sjølve tenesteforløpet er føreseieleg for dei som får tenesta. Eit eige prosjekt bidrog til å ramme inn og gjere tenesteforløpet vårt tydeleg.

Fleire bruker statped.no og følgjer oss i sosiale medium

Vi ser ei positiv utvikling i bruken av statped.no med 92 000 fleire brukarar enn året før. Nettstaden hadde nær 3,7 millionar sidevisningar, ein auke med 300 000 frå 2022. Også på Facebook auka talet på følgjarar betydeleg, og vi var aktive i Facebook-grupper innan opplæring og

spesialpedagogikk med til saman 545 000 medlemmar. Til saman gir dette auka kjennskap til tilbodet vårt og spreier Statpeds kompetanse.

Samisk spesialpedagogisk teneste (SEAD) fekk mandat

2023 vart året då SEAD fekk sitt eige mandat. Det var ein viktig milepæl for Statped og for å erkjenne og synleggjere at samiske barn og elevar har rett til ei spesialpedagogisk teneste tilpassa samiskspråklege. Tenestetilbodet baserer seg på god forståing for samisk språk og kultur på dei tre samiske språka og sikrar eit likeverdig, tilpassa og inkluderande tilbod for samiske barn og unge. Utviklinga av mandatet skjedde i eit tett og godt samarbeid med Sametinget og Samisk Høgskole.

Teiknspråk – nytt vurderingssystem

Teiknspråkopplæringa i Statped er definert som ein alternativ opplæringsarena. Bustadskulen til elevane der dei går til dagleg, har ansvaret for opplæringa og læringsutbyttet deira. I 2023 tok vi i bruk eit vurderingssystem som gir informasjon om måloppnåinga til elevane i periodane dei er hos oss. Systematisk evaluering aukar

moglegheitene for individuell oppfølginga av kvar einskild elev ved bustadskulen og bidreg til at Statpeds tilbod støttar læringa til elevane.

Deltidsopplæringa er ein arena der elevar med teiknspråk som førstespråk, eller som har rett til slik opplæring etter sakkunnig vurdering, får høve til å praktisere teiknspråk i eit naturleg språkmiljø. Når bustadskulen manglar kompetanse, og når eleven ofte er den einaste teiknspråklege i klassen, er tilbodet vårt ofte det einaste elevane får. Deltidsopplæringa er derfor ein svært viktig arena for å byggje kompetanse og fellesskap. Påmeldinga hausten 2023 til nasjonal ungdomsveke var rekordstor. Elevane trakk fram verdien av å få nye vener og vere del av ein språkleg og sosial fellesskap.

Satsing på læremiddel

I revidert nasjonalbudsjett 2023 fekk Statped ei ekstra tildeling på 10 millionar kroner for å styrkje læremiddeltilbodet til elevar med særskilde behov for tilrettelegging. Det resulterte i 30 prosjekt, mellom anna undersøkingar som betrar kunnskapsgrunnlaget om læremiddel

for teiknspråklege, blinde/svaksynte og døvblinde, utvikling av nye læremiddel og kompetansehevande materiell for laget rundt barnet. Vi har hatt stort utbytte av dialogmøte med brukarorganisasjonane om kva tiltak som skulle prioriterast. Vi starta arbeidet med å utvikle nettportalar for å synleggjere og forenkle tilgangen til læremidla.

Behovet for nye og universelt utforma læremiddel og læringsressursar er framleis stort. Det same gjeld behovet for å sikre at dei som skal bruke ressursane, faktisk får det til i praksis. Vi arbeider derfor strategisk med å styrkje kompetansen til barnehage- og skulelærarar i å nytte læremiddel for blinde, svaksynte og teiknspråklege.

Vidare utvikling av Statped

2023 var nest siste året i den femårige omstillinga av Statped. Eit samla økonomisk trekk på 115 millionar kroner over fire år har gjort at vi har færre tilsette – til saman 128 årsverk mindre enn i 2020 då omstillinga starta. Dette utgjør ein nedgang på 19 %, og det blir godt merka! Vi er ei landsdekkjande verksemd med medarbeidarar ved tolv ulike lokasjonar. Vi skal støtte alle kommunane

og fylkeskommunane i landet på eit breitt spekter av faglege område. Tilbodet skal ikkje, som før, vere geografisk ramma inn i regionar. No skal alle ha lik tilgang i heile landet. Det har ført til auka reiseverksemd og større belastning på dei tilsette i Statped.

Vi gler oss over at det siste trekket i løyvinga til Statped vart stoppa. No kan vi planleggje verksemda på 2023-løyvingsnivået. Det gir oss ikkje auka ressursar, men det skånar oss for ytterlegare reduksjon. Det har vore krevjande å utvikle og tilpasse tenestetilbodet vårt i tråd med eit smalare mandat – samstundes som vi har drifta og sikra eit godt tenestetilbod. Eg er imponert over innsatsen og uthaldet til Statped sine medarbeidarar i denne prosessen.

No er vi ved eit vendepunkt. Hausten 2023 avslutta vi omstillingsprogrammet vårt – som handterte eit utal av ulike prosjekt for å få til omstillinga. No skjer all vidareutvikling i den ordinære linja. Vi skal framleis drive effektivt og levere relevante tenester til brukarane våre. Samstundes har vi utfordringar med å levere tenester i det omfanget brukarorganisasjonane ønskjer (til dømes elevkurs). Dessutan har vi enno

ein veg å gå med å tilpasse organisasjonen vår til nytt regelverk og nye utfordringar i sektor. Organiseringa vår skal evaluerast slik at ho fungerer best mogleg for dei landsdekkjande og fleirfaglege oppgåvene som vi skal løyse. Men vi har kome oss igjennom ei svært krevjande økonomisk omstilling utan oppseiingar og med gode brukar- og medarbeidarundersøkingar. Vi er betre posisjonert i etatssamarbeid på tvers av sektorar, og vi blir stadig betre kjent i sektoren vår. Her har vi sjølv sagt store ambisjonar om å bidra stadig betre til ein inkluderande og likeverdig barnehage og skule.

Eg vil takke alle i og omkring Statped som har bidrege i 2023.



Annemarie Bechmann Hansen
Statped's direktør



For å kunne gjere
meir for fleire, har vi
særleg arbeidd med
å forenkle søknads-
prosessane våre.

Hovudtal i 2023

Tenester



6 369
brukarar



1 565
systembaserte
tenester



332 av 356
kommunar fekk
individbaserte
tenester

Kompetansespreiing



217
kurs



13 560
deltakarar



651 forelesingstimar
for studentar i høgre
utdanning

Bruk av statped.no

770 000 unike brukarar
3 700 000 sidevisningar



Bruk av Facebook

36 200 følgjarar



Tilsette

579

For 2023 fastsette Stortinget
følgjande hovudmål for Statped:

Hovudmål 1: Kommunar og fylkeskommunar får tenester og støtte til kompetanseutvikling som fremjar læring, utvikling og deltaking i ein inkluderande fellesskap til barn og elevar med varige og komplekse spesialpedagogiske behov.

Hovudmål 2: Barn og elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk er inkluderte både i ein norsk/samisk og ein norsk teiknspråkleg fellesskap.

Hovudmål 3: Kommunar og fylkeskommunar har tilrettelagde læremiddel og pedagogisk materiell som fremjar læring, utvikling og deltaking for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn og elevar ein inkluderande fellesskap.

Mål for Diamanten skule: Elevar med medfødd døvblindheit ved Diamanten skule har eit tilrettelagt opplærings-tilbod og tek aktivt del i eiga læring og utvikling.



Introduksjon til verksemda og hovudtal

Statped og samfunnsoppdraget

Vi er eit statleg verkemiddel for å støtte kommunar og fylkeskommunar i å realisere sektormål for barnehagen og grunnopplæringa. Vi har spisskompetanse på spesialpedagogikk og tilbyr tenester knytt til fagområda syn, høyrsel, kombinerte syns- og høyrselstap og døvblindheit, samansette lærevanskar, språk og tale og erverva hjerneskade. Fordi sakene er samansette og komplekse, er tenestene ofte fleirfaglege. I tillegg har vi ein særleg funksjon overfor samiskspråklege barn, unge og vaksne med spesialpedagogiske behov.

Statped er ein alternativ opplæringsarena og gir deltidsoplæring i og på teiknspråk til elevar i grunnskulen etter § 2-6 og/eller § 5-1 i opplæringslova. I tillegg gir vi ulike kurstilbod i eit teiknspråkleg miljø til elevar i grunnskulen, foreldre, søsken og tilsette i barnehagar og skular. Vi har også kompetanse innan alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) og tilbyr tenester

innan dette. Vidare er vi skuleeigar for Diamanten skule for elevar med medfødd døvblindheit. Statped har eit særskilt oppdrag frå Helse Nord RHF og gir tenester innan kombinerte sansetap og døvblindheit som del av Nasjonal kompetanseteneste for døvblinde (NKDB).

Statped utviklar, legg til rette og produserer læremiddel og pedagogisk materiell for teiknspråklege og for blinde og sterkt svaksynte.

Vi hjelper kommunar og fylkeskommunar med spesialpedagogiske tenester i heile landet. Vi bidreg også til kunnskaps- og kompetansebygging om likeverdig, tilpassa og inkluderande opplæring. Dessutan bidreg vi til spesialpedagogiske utdanningar og at universitet og høgskular (UH) utviklar forskings- og erfaringsbasert kunnskap på det spesialpedagogiske området. Samfunnsoppdraget vårt er å bidra til at barn, unge og vaksne med særskilte opplæringsbehov får høve til å meistre eigne liv og vere aktive deltakarar i utdanning, arbeid og samfunnsliv på lik linje med andre.

Korleis sikre eit tenestetilbod med lik kvalitet og lik tilgang for alle?

I 2023 gjennomførte vi fleire prosjekt og prosessar som byggjer opp under målet om lik tilgang til og kvalitet på tenestene våre. Dette handlar mellom anna om å forbetre og forenkle søknadsprosessen, kvalitets-sikre tenesteutøvinga, konkretisere tenestetilbodet i dialog med kommunane, utvikle samarbeidet med spesialisthelsetenesta og utvikle nettsidene våre.

I 2022 endra vi organiseringa av Statped frå regional inndeling til landsdekkjande verksemd. Då avdekte vi at nokre av kompetanseutviklingstiltaka våre til opplæringssektoren kunne vere ulike, både i innhald og format. Dermed skipa vi fleire tiltak for å møte ulikskapen. Mellom anna utvikla vi ein meir einskapleg og likeverdig kursportefølje, ikkje minst gjennom å tilby fleire kurs digitalt.

Vi er i all hovudsak i rute med aktivitetar som skal bidra til å sikre lik kvalitet og lik tilgang til tenester. Aktivitetane byggjer på

Statped varetok faste oppdrag og forpliktingar, mellom anna om

- heiltidsopplæring for døvblindfødde
- deltidsopplæring for teiknspråklege elevar
- teiknspråkopplæring for foreldre
- alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
- samisk spesialpedagogisk støtte (SEAD)
- samarbeid med helseføretaka
- arbeid med rammeplan og læreplanar
- læremiddel og støtte- og rettleiingsmateriell
- produksjon og tilrettelegging av eksamen og obligatoriske prøver
- internasjonalt samarbeid

overordna plan for omstillinga av Statped, som vi sende til Kunnskapsdepartementet (KD) i april i 2023, og som svarte på oppdraget vi fekk i tillegg til tildelingsbrev 2023–01 «Helhetlig plan og risikovurdering for omstillingen».

Nedanfor greier vi ut om sentrale aktivitetar.

Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO

Behandlinga av Meld. St. 6 (2019–2020), *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO* vedtok ei rekkje tiltak for å forbetre utdanningssystemet og sikre eit godt tilpassa pedagogisk tilbod for alle barn og elevar. Formålet med tiltaka er å flytte kompetansen tettare på barna og elevane og ruste kommunane og fylkeskommunane til å løyse fleire oppgåver sjølv. Omstillingsperioden er på fem år (2020–2024).

Status for omstillinga

Med 2023 var nest siste året av omstillinga over, og omstillingsprogrammet blei avslutta. Programmet gjorde det mogleg å gjennomføre mange parallelle prosjekt på ein einskapleg måte. Det ga oversyn over

og viste samanheng mellom prosjekta og andre prosessar som var i gang samstundes.

Vi gjennomførte elleve prosjekt i omstillingsprogrammet. Dei medverka på ulikt vis til at Statped var i god rute med omstillinga ved utgangen av året. Ei ekstern referansegruppe ga verdifulle innspel undervegs, og leveransane frå prosjekta trefte målgruppene sine behov på tilfredsstillande vis. Vi sikra medverknad og forankring i verksemda gjennom systematisk å involvere interne ressursgrupper og ulike delar av verksemda i aktuelle prosjekt.

I dei komande avsnitta gjer vi greie for dei mest sentrale omstillingsprosessane i 2023.

Éi dør inn

«Éi dør inn» var eit prosjekt for å sikre at vi handsamar søknader om Statped-tenester meir effektivt og likeverdig. Allereie i 2023 kom vi raskare i gang med å levere tenester etter at vi hadde innvilga søknader frå PPT, samanlikna med 2022. Tilgangen til Statped sine tenester blei også enklare grunna nye og meir brukarvennlege søknadsskjema. Nye skjema medverka til at PPT skildra behova sine betre. Reviderte interne rutinar sikra at alle søknadar vart handsama

heilskapleg, effektivt og kvalitativt godt, uavhengig av kontorstad i Statped og organisering av tenester. Prosjektet vart fullført og avslutta våren 2023.

Tenesteforløp

«**Tenesteforløp**» var eit prosjekt for å kvalitetssikre tenesteutøvinga, sikre kommunane tenester frå Statped med lik kvalitet og gjere tenestene meir føreseielege for brukarar og samarbeidspartar. Prosjektet utvikla ein rettleiar som skildra korleis Statped planlegg og gjennomfører ei rådgivingsteneste frå ho er innvilga til ho er evaluert og avslutta. Prosjektet vart gjennomført i vårsemesteret 2023, og rettleiaren vart pilotert i haustsemesteret.

Vi involverte kommunar i arbeidet gjennom referansegruppa for omstillingsprogrammet, i tillegg til at kommunane tok del i piloteringa. Kunnskapsgrunnlaget var mellom anna eit større innsiktsarbeid i kommunane frå 2019 for å digitalisere Statped sine tenester.

Dialog med kommunar og fylkeskommunar om sanseapgruppene

I 2023 var Statped godt i gang med eit oppdrag vi fekk i punkt 7 i tillegg til

tildelingsbrev 2021–003. Oppdraget dreidde seg om å ha dialog med kommunar og fylkeskommunar om systematisk varetaking av sanseapgruppene, slik at dei vert fanga opp og følgt opp raskt og godt gjennom heile barnehage- og opplæringsløpet. Vi arbeidde med eit kunnskapsgrunnlag gjennom dialog med kommunar og fylkeskommunar, etablerte eit samarbeid med kommunar og KS om å svare ut oppdraget og planla vidare dialog med aktørar frå kommunar, fylkeskommunar og Statsforvaltaren fyrste halvår 2024. Innspel vi fekk frå faglege brukarråd innan syn og høyrsele, bidrog også til kunnskapsgrunnlaget.

Samarbeid med spesialisthelsetenesta

Statped og spesialisthelsetenesta på RHF-nivå etablerte eit godt og systematisk koordinerande samarbeid i 2023. Samarbeidet utarbeidde utkast til ramme- og samarbeidsavtalar. I 2024 skal dei vere klare, signerast og danne grunnlaget for eit meir føreseieleg og likeverdig tenestetilbod i heile landet. Samarbeidet utarbeidde også forslag til samhandlingsrutinar for strakstilbod innan høyrsele, syn og erverva hjerneskade. Rutinane er vedlegg til samarbeidsavtalene og blir implementerte

i Statped og helseføretaka etter at avtalane er signerte.

Våren 2023 var det ein leiarforankra prosess mellom Statped, Helse Sør-Aust RHF og Helse Vest RHF for å vurdere og avklare samarbeid om fleirregionalt behandlingstilbod innan leppe-kjeve-ganespalte (LKG). 12. juni 2023 bestemte KD at Statped kan bidra inn i det fleirregionale tilbodet. Hausten 2023 vart det utarbeidd ei innramming av samarbeidet mellom Statped og fleirregional behandlingsteneste. Innramminga vil bli eit vedlegg til samarbeidsavtalane mellom Statped og dei to ansvarlege helseføretaka.

Nytt mandat for SEAD

I Meld. St. 6 (2019–2020) blei det varsla at Statped skulle få eit nytt og avgrensa mandat. I tillegg til tildelingsbrev 2023–3 fekk vi i oppdrag å utarbeide roller og oppgåver for samisk spesialpedagogisk støtte (SEAD) i dialog med Sametinget og andre aktuelle partar.

I 2023 fekk SEAD nytt mandat. Arbeidet med mandatet vart breitt forankra, ikkje minst i eit kunnskapsgrunnlag om samisk språk og kultur. Ulike kommunar i nord-,

lule- og sørsamiske område bidrog. I tillegg deltok Sametinget, Samisk Høgskole og alle fagmiljøa i Statped. Mandatet vidareførte i stor grad roller og oppgåver frå tidlegare, men har auka merksemd på at tenestene våre skal vise god forståing for samisk språk og kulturutvikling knytt til dei tre samiske skriftspråka i Noreg. Arbeidet med mandatet la til rette for eit likeverdig, tilpassa og inkluderande tilbod for samiske barn og unge og kartla behov for å utvikle kompetanse på det spesialpedagogiske området i kommunar og fylkeskommunar.

I 2024 planlegg vi å arbeide vidare med ein strategi for SEAD som landsdekkjande teneste. Strategien vil gjere rolla og ansvaret for SEAD tydeleg og måla konkrete.

Lokaliseringsprosjektet

I løpet av 2023 gjennomførte vi eit lokaliseringssjunkt for å dimensjonere kontorstadene våre i Bergen, Trondheim og Oslo. 1. februar 2023 sende vi ei utgreiing til KD der vi tilrådde framtidige behov som svar på eit oppdrag vi fekk om dette i tillegg til tildelingsbrev 2020–005. I haustsemesteret godkjende KD tilrådinga vår. Dermed utarbeidde vi eit overordna arbeidsplasskonsept for dei tre kontorstadene og

engasjerte Statsbyggs rådgivingsteneste for å finne nye lokale i Bergen og Trondheim. Før året var omme, gjennomførte Statsbygg ein konkurranse med aktuelle tilbydarar i Bergen.

Statpeds kontorstader i Oslo og Trondheim har rom- og funksjonsbehov som er tett opptil det vi kan klassifisere som formålsbygg. Det kan vere vanskeleg å skaffe alternative lokale som passar til kva eit formålsbygg er konstruert for. I Trondheim såg vi det derfor som økonomisk og funksjonelt formålstenleg å bli verande i noverande lokale på Heimdal.

I 2024 held lokaliseringssjunktet fram arbeidet med å utnytte areala vi disponerer i Oslo, Bergen og Trondheim, betre og meir kostnadseffektivt. Med dette reduserer vi husleige- og driftskostnadene våre over tid.

Verksemdstrategi 2023–2027

I 2023 ferdigstilte Statped ein verksemdstrategi for perioden 2023–2027. Han gav retning for korleis vi skal realisere oppgåvene våre, og kva vi skal ha som særlege innsatsområde i perioden.

Kunnskap om utviklingstrekk og

utfordringsbilete i opplæringssektoren var naudsynt for å gi arbeidet vårt ei retning som bygde opp under dei tre hovudmåla våre: kompetanseutvikling, teiknspråkopplæring og læremiddel. Derfor utarbeidde vi kunnskapsgrunnlag med tanke på spesialpedagogikk, teiknspråk, laget rundt barnet og brukaren sjølv. Grunnlaga viste fire område som var særleg viktige for oss å rette merksemd mot: kompetanse, kvalitet, samhandling og digitalisering.

Kompetanse er evna som tilsette i barnehagar og skular har til å skape pedagogiske tilbod med høg kvalitet, noko som avgjer om barn kan lære og utvikle seg. Det er derfor kritisk at kunnskapsgrunnlaga våre viste at spesialpedagogisk kompetanse manglar på alle nivå i opplæringssektoren. Forsking har også dokumentert at kvaliteten varierer mykje i allmennpedagogiske tilbod generelt, og i spesialpedagogiske tilbod og tilbod om teiknspråkopplæring spesielt. Frå 2023 retta vi derfor dei systematiske bidraga våre for å kvalitetsutvikle barnehagar og skular, ytterlegare mot å byggje kompetanse hos personalet, og mot tidleg innsats for å utvikle tilpassa

pedagogiske tilbod og inkluderande læringsmiljø.

Kvalitet og samhandling er systematisk arbeid for å auke likeverdet i opplæringa, noko som krev at fleire område koordinerer og samordnar innsatsen sin. Derfor utfordrar det oss og fleire at tenesteapparatet framstår som fragmentert og lite koordinert. Frå 2023 jobba vi dermed med å bli ein endå tydelegare, meir tilgjengeleg og attraktiv samarbeidspartnar for å bidra med relevant kompetanse i samarbeidet vårt med aktørar på ulike forvaltningsnivå både i og utanfor opplæringssektoren.

Digitalisering spelar ei stadig viktigare rolle for å møte moglegheiter innan spesialpedagogikk, no og frametter. Derfor er det naudsynt å utvikle, leggje til rette og bruke riktige digitale læremiddel og læringsressursar for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn og elevar og laget rundt dei, for at desse gruppene kan delta meir og få betre læringsutbytte. Digitalisering kan også gi samarbeidspartnarane våre vinstar i form av meir brukarvennlege tenester og betre tilgang til å samhandle med oss.

Seks innsatsområde i den nye strategien vår sprang ut av utviklingstrekk og utfordringsbileta vi avdekte i opplæringssektoren med støtte i forskning. Desse innsatsområda set kurs for korleis vi skal realisere dei tre hovudmåla våre i dei fem åra strategien gjeld for:

1. Statped skal styrkje det kunnskapsbaserte og praksisnære kompetansetilbodet som treffer behova i kommunar og fylkeskommunar.
2. Statped skal styrkje kompetansen om språk og kommunikasjon som grunnlag for deltaking, læring og utvikling hos målgruppene våre.
3. Statped skal styrkje det spesialpedagogiske arbeidet med samiske barn og elevar.
4. Statped skal styrkje kompetansen til barnehagelærarar og lærarar i å nytte læremiddel for blinde, svaksynte og teiknspråklege.
5. Statped skal styrkje samarbeidet med universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren) ved å identifisere og følge opp behov for innovasjon, forskning og utdanning.
6. Statped skal styrkje rolla som tenesteytande fagdirektorat, og vere ein synleg,

tilgjengeleg og relevant aktør i opplæringssektoren.

Direktorsrolle

Eitt av innsatsområda i verksemdstrategien var å styrkje rolla til Statped som tenesteytande fagdirektorat. I 2023 vedtok vi ein plan internt for å implementere direktorsrolla i Statped. Planen utarbeidde vi for perioden 2023–2024 med tre overlappende fasar som omfatta alle tilsette i Statped:

- **Fase 1:** Vi skal gjere direktorsrolla kjend i Statped frå hausten 2023 / vinteren 2024.
- **Fase 2:** Vi skal gjere Statped meir synleg som direktorat frå våren 2024.
- **Fase 3:** Vi skal gjere Statped meir relevant som direktorat frå hausten 2024.

I 2023 arbeidde vi internt med fase 1 for at medarbeidarar og leiarar på same viset skal forstå kva det vil seie at Statped er eit direktorat. For å nå målet arbeidde vi mellom anna med å informere godt, avklare roller, systematisere erfaringsbasert kunnskap og kvalitetssikre data.

I 2023 var Statped til stades på ulike møteplassar som direktorat. Gjennom til dømes

å delta i tverretatleg samarbeid om utsette barn og unge og faglege fellesmøte for utdanningsdirektørane frå Statsforvaltaren i regi av Udir, fekk vi gjort rolla vår tydeleg eksternt. Deltakinga vår bidrog til større merksemd og kunnskap kring brukargruppene våre og ei meir heilskapleg statleg forvaltning. Leiarar frå heile organisasjonen vår deltok også i møte mellom anna hos Statsforvaltaren i dei ulike fylka. Vi vurderte det slik at samarbeidet bidrog godt til å dele informasjon og arbeide tverrsektorielt. Samtidig var det nyttig for oss å dele erfaringar frå det eksterne samarbeidet internt for å utvikle felles forståing av direktoratsrolla der også.

Brukarrådsarbeid

Gjennom 2023 var Statped's formelle brukarmedverknadsarenaer nasjonalt brukarråd, fire faglege brukarråd, ungdomsrådet og brukarkonferansen. Brukarråda var rådgivande for leiinga i Statped og gav innspel til aktuelle saker knytt til fag- og tenesteutviklinga vår. Alle råda gjennomførte fire møte i 2023. Både brukarorganisasjonane og Statped melde inn saker til møta.

I 2023 vedtok vi også ein rutine for at brukarane kunne medverke i saksarbeidet, og for at vi kunne leggje til rette for at rett sak kjem til rett brukarråd i rett tid.

Hausten 2023 evaluerte vi brukarrådsarbeidet blant medlemmer i brukarråda og dei av leiarane våre som deltok fast i brukarrådsarbeidet. Hovudfunnet var at medlemmer og leiarar i stor grad var nøgde. Vi vil følgje opp resultatane i 2024. Evalueringa synte også at vi må

- avklare forholdet mellom nasjonalt brukarråd og dei andre brukarråda
- gjere tydeleg korleis Statped bruker innspel vi får frå brukarråda
- sørgje for god opplæring av brukarrådsmedlemmene om Statped's verksemd og rolla deira som brukarrådsmedlem

Tema på den årlege brukarkonferansen i Statped i 2023 var vurderingspraksis, fullføringsreforma, kompetanseløftet for inkluderande praksis og erfaringar frå grunnskule og vidaregåande opplæring. Å løfte fram ungdomsstemmer var viktig. Vi arrangerte konferansen sentralt i Oslo. Ca. 130 personar deltok; det nasjonale

brukarrådet, ungdomsrådet, dei faglege brukarråda og koordinatorane deira, andre samarbeidspartnarar, offentlege og private tenesteytarar og andre som var opptekne av barn og elevar med nedsett funksjonsevne i opplæringa. Evalueringa var gjennomgåande positiv. Mange trekte fram det fysiske treffpunktet og høvet til å byggje relasjonar som viktig. Det stemde godt overeins med målet for desse konferansane, som er å skape ein arena for å dele kunnskap, utveksle erfaringar og byggje relasjonar.

Leing og organisasjonen

I 2023 var det direktør Annemarie Bechmann Hansen som leidde Statped.


Ved utgangen av 2023 hadde vi ni direktører og 36 avdelingsleiarar:

	Blir leidd av
Direktør i Statped	Annemarie Bechmann Hansen
Kommunikasjonsstab	Håkon Fenstad
Divisjon barnehage	Marit Elin Eide
Divisjon barnetrinn	Walter Frøyen
Divisjon ungdomstrinn, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring	Kristin Fastvold
Divisjon teiknspråk og døvblindheit	Elisabet Dahle
Divisjon læremiddel og læringsressursar	Kari Anita Brendskag
Divisjon fagstrategi og verksemdstyring	Kjell Håkon Andersen
Divisjon administrasjon	Vidar Lødrup



Organisasjonskart

Slik såg organiseringa vår ut i 2023:




Lokalisering

Statped er lokalisert på tolv stader i landet. I Oslo og Bergen er tilsette plassert på to ulike stader. Ved utgangen av 2023 var det 579 tilsette til saman ved dei ulike einingane, fordelt som vist på kartet til høgre.



579

Totalt tal på
tilsette pr.
31.12.2023



Presentasjon av hovudtal

Brukarar og tenester	2021	2022	2023
Tal på brukarar som har fått individtenester (1)	6 917	6674	6369
Tal på søknader om individtenester, tilvisingar og strakstiltak	1502	1430	1433
Tal på systemtenester inkl. kurs (2)	1862	1950	1565
Førespurnader til Spør oss	3236	2914	3177
Saksbehandlingstider – tal på dagar i gjennomsnitt			
Samla saksbehandlings- og ventetid – individtenester	44	53	45
Saksbehandlingstid – systemtenester	20	23	22
Kompetansespreiing/-bygging			
Tal på kurs og konferansar	275	238	217
Tal på deltakarar	18135	11748	13560
Statped.no			
Tal på brukarar	628 000	678 000	770 000
Tal på sidevisningar	3 470 000	3 400 000	3 700 000
Tal på følgjarar på Facebook	29 700	33 500	36 200

Merknader:

1) Tenester til einskildbrukarar og laget rundt dei kallar vi individtenester.

2) Tenester som er retta mot ulike målgrupper i utdanningssektoren, ofte kompetansehevingstiltak, kallar vi systemtenester.

Nøkkeltal fra årsrekneskapen

Tall i 1000 kroner	2021	2022	2023
Total utgiftsbevilgning	726 785	677 629	678 244
Totalt regnskapsutførte utgifter	644 140	644 889	636 019
Oppdragsinntekter	26 513	24 989	26 199
Samlet tildeling post 01-29	711 758	662 924	656 346
Utnyttelsesgrad post 01-29	85 %	92 %	89 %
Driftsutgifter	623 839	628 179	609 674
Lønnsandel av driftsutgifter	74 %	70 %	72 %
Lønnsutgifter pr. årsverk	851	859	902

Nøkkeltal årsverk og tal på tilsette

	Antall ansatte	Avtalte årsverk	Utførte årsverk
2019	727	687	621
2020	695	665	611
2021	648	633	553
2022	598	582	516
2023	579	571	494

Aktivitetar og resultat i 2023

Statpeds bidrag til sektormåla

KD fekk nytt målbilete i 2023. Dei tre overordna måla for kunnskapssektoren vart:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft.
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse.
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader.

Alle desse måla er viktige for Statped. Dei rommar verdiar vi deler, og målsetjingar vi vil bidra til å nå. Skal vi trekkje fram eitt overordna mål som gir særleg retning for Statpeds arbeid, er det:

Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader

Relevans for Statped: Vi arbeider for å sikre likeverdige utdanningsmoglegheiter for alle, uavhengig av geografisk plassering eller sosiale forhold. Dette gjeld spesielt for barn og unge med særskilde opplæringsbehov.

Dei tre hovudmåla beskriv samfunnsoppdraget til KD. Undermål utdjupar dei ulike politikkområda. Undermåla som er særleg relevante for Statped, er:

- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet.
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet.
- Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø fremjar inkludering, motivasjon og meistring.
- Medarbeidarar i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse.
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering.
- Ein samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge.

Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet

Relevans for Statped: Det er sentralt for oss å betre kvaliteten på tilboda i kunnskapssektoren ved å styrkje tenestene innafor spesialpedagogikk og teiknspråk. Dette inkluderer mellom anna å utvikle

læringsressursar og digitalisere tenesteyting og støttetjenester for barn, unge og vaksne med særskilde behov.

Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet

Relevans for Statped: Dette understrekar kor viktig arbeidet vårt er med å tilby og leggje til rette for å kompetanseheve lærarar, pedagogar, og andre fagpersonar over heile landet, spesielt i lys av fokuset vårt på å jamne ut geografiske forskjellar i tilgangen til spesialpedagogisk kompetanse og teiknspråk.

Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø fremjar inkludering, motivasjon og meistring

Relevans for Statped: Vi arbeider for å tilretteleggje opplæringa, gi støtte og tilpasse læremiddel så barn og unge med særskilde behov meistrar og blir motiverte. Dette målet er direkte knytt til arbeid vårt med å støtte inkluderande læringsmiljø som fremjar potensialet til alle elevane.

Medarbeidarar i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse

Relevans for Statped: Det er avgjerande for oss å sikre at lærarar og anna personell i kunnskapssektoren har nødvendig kompetanse til å møte ulike behov hos barn og elevar. Dette inkluderer kompetanse innan spesialpedagogikk, teiknspråk og tilpassa opplæring og bruk av teknologi og særskilde læremiddel for å støtte læring.

Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

Relevans for Statped: Statped bidreg til å sikre at utdannings- og opplæringstilboda er tilpassa og relevante for alle elevar, inkludert dei som har særskilde opplæringsbehov, og som skal ha opplæring i og på teiknspråk.

Ein samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge

Relevans for Statped: For oss er tidleg innsats viktig for å identifisere og møte barn og elevar med spesialpedagogiske behov. Målet reflekterer behovet for å samarbeide på tvers av tenester og sektorar for å sikre tidleg og heilskapleg støtte.

Risikovurderingar

I risikovurderinga vår for 2023 melde vi om risikoar i sektor når det gjeld å utvikle kompetanse på det spesialpedagogiske området, manglande utdanningar innan samsesetapsområda og alvorleg skulefråvær. Internt i Statped melde vi om utfordringar rundt å rekruttere kompetanse innan fleire av Statpeds fagområde. I overgangen til 2024 meiner vi det framleis er utfordringar og risikoar på desse områda.

Eksterne risikoar

Kompetanseutvikling i sektoren

- **Risikoar:** Manglande kapasitet til å levere, vidareutvikle tenester og byggje kompetanse. Aukande etterspurnad på visse fagområde.
- **Risikodempande tiltak:** Utvikle kunnskapsgrunnlag for betre å kunne tilpasse tenestene våre og møte behova. I arbeidet vårt med ny strategi vedtok vi å satse på å utvikle lett tilgjengelege, praksisnære og kunnskapsbaserte kompetansetilbod til opplæringssektoren.

Universitet og høgskule

- **Risikoar:** Manglande utdanningar innafor samsesetapsområda. Manglar

ved å vere til stades ved relevante utdanningsinstitusjonar.

- **Risikodempande tiltak:** Bidra i etablerte utdanningar innan samsesetap og i å diskutere utviklinga av framtidige tilbod. Vidareutvikle samarbeid og avtalar med relevante utdanningsinstitusjonar. Fremje forslag om å utvikle ein ny opplæringsmodell for foreldreopplæring innan norsk teiknspråk.

Alvorleg skulefråvær

- **Risikoar:** Elevar med nevroutviklingsforstyrningar (ADHD, Tourettes syndrom og autismspekterforstyrningar) er overrepresenterte blant barn/elevar med alvorleg og urovekkjande skulefråvær. Dette er eit aukande problem. Innan dette temaet fekk vi flest søknader om systemtenester i 2023. Temaet var også det mest etterspurde i kompetanseløftet.

2023 indikerte for oss at behovet for tenester til minoritetsspråklege barn aukar, også rundt skulefråvær. Vi såg ein risiko for at kombinasjonen spesialpedagogikk / kulturell og språkleg kompetanse ikkje aukar i same takt som behovet.

- **Risikodempande tiltak:** I overgangen til 2024 er risikoen i sektoren framleis høg.

I 2023 gav Statped innspel til Udir som etterspurt, og vi leverte ei kompetansepakke om elevar med nevrotilstandar til nesten 1 000 deltakarar frå ulike kommunar og fylkeskommunar. I 2024 vil vi framleis bidra til å utvikle støttemateriell, metodar og kompetanse for å førebyggje, støtte og redusere alvorleg skulefråvær blant brukargruppene våre.

Interne risikoar

Rekruttering i Statped

Risikoar: Gjennomstrøyming og geografisk balanse i å fordele kompetanse.

Mangel på kvalifiserte søkjarar innan sansetapsområde som til dømes synspedagogikk og teiknspråkopplæring. Statped fekk fleire søkjarar til ledige stillingar etter pandemien, men få hadde tilstrekkeleg erfaring. Vi erfarte at lønn også er ei utfordring.

Risikodempende tiltak: Skape oversikt over kritisk kompetanse og gjennomstrøyming. I 2023 reduserte vi risikoen med tiltak som intern opplæring og å tilby moglegheiter for medarbeidarane våre til å utvikle seg profesjonelt gjennom konferansar og kurs. I tillegg nytta vi mastermodular som tiltak for tilsette.

Kompetanseløftet

Auka etterspurnad

I 2023 var Statped ein viktig drøftingspartner for samarbeidsforum og lokale kompetansenettverk. Vi opplevde større etterspurnad enn tidlegare år frå kommunar og mindre arbeidsgrupper for å ta del i faglege diskusjonar rundt kartlegging, planar og tiltak. Vi deltok også i over 160 nettverksmøte/samlingar/konferansar og bidrog med spesialpedagogiske perspektiv og kompetanse. Dessutan var vi til stades i samarbeidsforum i alle fylke.

Det samiske perspektivet

Statped var ein viktig bidragsytar i å drøfte det samiske perspektivet. Gjennom SEAD bidrog vi i arbeidet med ein langsiktig kompetanseplan for dei samiske barnehagane i Trøndelag, og vi var med i ei arbeidsgruppe som utarbeidde eit analyseverktøy for tilsette i sørsamiske barnehagar. Det samiske perspektivet var også gjennomgåande tema hos Statsforvaltaren både i Nordland og Troms og Finnmark, og tiltaket vart beskrive i dei langsiktige planane deira.

Førespurnader om kompetanse

I 2023 fekk vi 16 førespurnader om å bidra

til lokale kompetansehevingstiltak. Dette var sju fleire enn i 2022. Førrespurnadene hadde ulikt omfang og kom frå åtte UH-institusjonar og ein statsforvaltar. Tematikken som var mest etterspurd, var alvorleg skulefråvær. Andre kompetansebidrag handla om å lære opp i å bruke eit refleksjonsverktøy for inkluderande praksis som vi sjølv har utvikla om matematikkvanskar, ASK, autisme og språkforstyrningar/språkutvikling og åtferdsvanskar. Vi gav også opplæring i digital didaktikk. I perioden 2020–2023 lærte vi opp 53 kommunar frå sju fylke i refleksjonsverktøyet for inkluderande praksis.

Udir og KS

Statped hadde eit godt samarbeid med Udir og KS i 2023. I tillegg til regelmessige statusmøte var vi involverte i å planleggje og gjennomføre fire regionale erfaringskonferansar om arbeidet med kompetanseløftet som Udir hadde ansvar for. Tilbakemeldingane frå sektor var svært gode. Statped deltok også i ein risikoworkshop med Udir, KS og UH-nettverk i forkant av rapporteringsmøte med KD.

UH-nettverk

Statped samarbeidde også godt med UH-nettverk i 2023. Vi deltok i arbeidsgruppemøte der vi bidrog med relevant informasjon frå Statped og delte erfaringar frå praksisfeltet. Vi var også involverte i å planleggje ein konferanse og to webinar som UH nettverket arrangerte, og vi bidrog med innlegg.

Kompetanseløftet betre etablert

Vi vurderte at i løpet av 2023 vart kompetanseløftet betre etablert som tilskotsordning i dei ulike fylka enn i 2022. Fleire kommunar sette i gang og gjennomførte tiltak. I overgangen til 2024 er det framleis store variasjonar, både mellom fylke og kommunar. Nokre er framleis i organiserings-/kartleggingsfasen, medan andre er godt i gang og gjennomfører kompetansehevingstiltak i laget rundt barnet. Lokale partnerskap utviklar kompetanse hovudsakleg på område innafor samansette lærevanskar, språkvanskar og inkluderande praksis.

Uutnyttta potensial

I perioden 2020–2023 såg vi ingen kompetansehevingstiltak på samskapingsområda. I overgangen til 2024 ser vi at potensialet i formålet med kompetanseløftet om å byggje kompetanse i UH, så langt kanskje ikkje er fullt teke ut? Det er mogleg å oppnå meir gjennom å samskape i partnerskapa og å samarbeide med oss i Statped. Å samskape gir høve til å byggje bruer mellom partnarar både kring forskning, undervisning og eksterne kompetanseoppdrag.

Resultat, aktivitetar, effektar og måloppnåing

I det vidare gjer vi greie for utvalde resultat, effektar og oppnådde mål i 2023.

Statped bidrar med spesialpedagogisk kunnskap, kompetanse og opplæring gjennom

- ordinære rådgivingstenester
- kurs
- konferansar
- webinar
- nettverksarbeid
- læringsressursar
- læremiddel
- teiknspråkopplæring
- informasjon på statped.no
- prosjektsamarbeid
- tenester til UH-sektor
- Spør oss-tenesta

Vi baserer kunnskap og kompetanse på forskning, erfaringsbasert kunnskap, brukarkunnskap og kjennskap til kontekst som brukargruppene er i. Dette er føresetnaden for eit godt tilrettelagt og inkluderande læringsmiljø.



Hovudmål 1

Kommunar og fylkeskommunar får tenester og støtte til kompetanseutvikling som fremjar læring, utvikling og deltaking i ein inkluderande fellesskap til barn og elevar med varige og komplekse spesialpedagogiske behov.

Vi gav i 2023 tenester på bakgrunn av søknader, avtalar, oppdrag frå KD eller eigeninitierte systemtenester. Behov hos brukarar og samarbeidspartnarar låg til grunn for tenester frå oss. Vi bidrog til å kompetanseutvikle kommunar og fylkeskommunar i arbeidet deira med å fremje læring hos barn og elevar med varige, omfattande og komplekse behov.

Ein inkluderande fellesskap omfattar alle barn og elevar

Inkludering er eit omgrep som inngår i alle hovudmåla våre, og som gjeld alle nivå i opplæringssektoren. Arbeidet med å inkludere i barnehage og skule krev inkluderingsaktørar på alle nivå i sektoren. Å inkludere i barnehage og skule handlar om at alle barn og elevar skal oppleve at

dei har ein naturleg plass i fellesskapen. Dei skal kjenne seg trygge og kunne erfare at dei er viktige. Dei skal også få medverke i å forme ut sitt eige tilbod for å oppnå meistring og få eit tilfredsstillande læringsutbytte.

Lik tilgang til og kvalitet på tenester

Lik tilgang til tenester frå Statped vil seie at alle kommunar og fylkeskommunar har det same høvet til å få støtte basert på behova som dei har. Lik kvalitet på tenester frå oss betyr at vi møter alle kommunar og fylkeskommunar med relevant kompetanse, og at dei får tenester som er best mogleg tilpassa til deira eigne behov.

I 2023 fekk vi positive tilbakemeldingar på evna vår til å levere behovsretta tenester over heile landet, uavhengig av geografisk plassering eller kva for ei pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) som hadde søkt. Dette omfatta også det digitale tilbodet vårt om læringsressursar for å utvikle kompetanse og sikre at kommunar og fylkeskommunar får eit einskapleg tilbod. Når vi leverer tenester, får pedagogisk personale tilgang til

nødvendig kunnskap og kompetanse for å støtte brukarane effektivt. Vi styrkte også den fleirfaglege vurderinga vår av søknader, noko som resulterte i meir einskapleg kvalitet og tilgang til tenestene våre.

Vi utarbeidde også eit tydelegare tenesteforløp for å sikre tenester med lik tilgang og kvalitet. Vi kalla prosjektet «tenesteforløp» og gjennomførte det frå januar til juni 2023 som eit delprosjekt i det såkalla omstillingsprogrammet vårt. Prosjektet beskrev fasar og aktivitetar i ei teneste sett i system og gjorde desse tydelege. I tillegg utvikla prosjektet parametrar for kva det vil seie at Statped gir tenester og kompetanse med lik kvalitet og tilgang, og metodar for å måle dette. Vi produserte dessutan skriftleg materiell og ein rettleiar, tilgjengeleg på statped.no. I 2023 piloterte vi rettleiaren på tvers av fagområda i Statped, og i 2024 skal vi implementere han.

Tidleg innsats og målretta tenester

Statped la vekt på tidleg innsats i tenesteytinga. I rådgivinga vår bygde vi kompetanse i laget rundt brukaren slik at barnehagar, skular og PPT kan oppdage, kjenne att og setje i verk tiltak tidleg. Dei som er tett på

barn og elevar med varige, omfattande og komplekse behov for tilrettelegging, skal vere i stand til å gi eit godt tilpassa tilbod i ein inkluderande fellesskap. Då kan dei gi eit heilskapleg pedagogisk tilbod der dei spesialpedagogiske tiltaka og teiknspråk-opplæringa heng godt saman med det allmennpedagogiske tilbodet.

I 2023 bidrog tidleg innsats til at tenestene våre vart meir tilgjengelege gjennom enklare søknadsprosedyrar, kortare ventetid og svar frå «Spør oss»-tenesta vår. Eit godt samarbeid med helsesektoren bidrog også til å sikre tidleg innsats.

Vi brukte kompetanse på tvers av divisjonar og kontorstader så kommunar og fylkeskommunar fekk høg kvalitet og tilpassa tenester, og vi gav målretta tenester til PPT. Tenestene tok utgangspunkt i behova som PPT beskreiv i søknadene vi fekk, og basert på søknad gjekk rådgivar/leiar i dialog med PPT. Vi arbeider kontinuerleg med å sikre at alle tilsette kjenner til og gir tenester i samsvar med dei nye rammene våre for å hjelpe kommunar.

I 2023 arbeidde vi ut frå ein modell for å yte tenester der vi veksla mellom fysiske og

digitale møte. Digitale møte var førstevalet vårt, men vi vurderte behovet for å rettleie digitalt eller reise med fysisk møte i kvar einiskild sak. Rådgivarar hadde tett dialog med PPT, barnehagar og skular for å tilpasse tenesteytinga vår til behov deira på ein målretta måte.

Vi ytte samisk spesialpedagogiske støtte med individ- og systemtenester på tvers av fagområde, divisjonar og avdelingar i Statped. Tre regionale arbeidslag styrkte og sikra kvaliteten i tenestene til samiskspråklege brukarar og nettverket deira. Vi gav tenester både digitalt og fysisk og vurderte om vi måtte reise til møte eller ikkje i kvar einiskild sak.

Statped samhandla også med relevante verksemder for å gi målretta og saumlause tenester til brukarane, til dømes NAV og spesialisthelsetenesta. Vi heldt innlegg på digital fellessamling for styringsgruppa i nasjonalt høyrsefagleg nettverk i NAV. Fagområdet erverva hjerneskode (EHS) samarbeidde tett med habiliteringstenesta. Det handla mellom anna om å avklare ansvar, og etter dette avvikla EHS nevropsykologiske utgreiingar. I tillegg etablerte EHS eit samarbeid med Helse Sør-Aust RHF for

å leggje til rette på skulen for barn og unge med erverva hjerneskode. Vi hadde også faste kontaktmøte med Statsforvaltaren der vi utveksla informasjon og delte erfaringar. Samarbeidet leidde til at Statsforvaltaren etterspurde innlegg frå oss på samlingar for barnehage- og skuleeigarar.

Spør oss

«Spør oss» er Statpeds lågterskel rettleiingsteneste for tilsette i opplæringssektoren og skal bidra til tidleg innsats. PPT er primærmålgruppa. Tenesta tek også imot førespurnader frå føresette, barnehage, skule og andre instansar og drøftar spesialpedagogiske problemstillingar. I 2023 drøfta og rettleidde tenesta om spesialpedagogiske utfordringar med eit heilskapleg og fleirfagleg blick.

Tenesta svarer på førespurnader om spesialpedagogiske spørsmål på telefon og e-post. Statped har organisert «Spør oss» som ei avdeling som har kompetanse på og erfaring med dei fleste spesialpedagogiske fagområda i Statped.

Tenesta hadde 3 177 førespurnader i 2023. Det var litt fleire enn i 2022, då ho hadde 2 914 førespurnader. PPT var den største

gruppa som vende seg til «Spør oss», med 1 396 førespurnader. Flest førespurnader handla om samansette lærevanskar og språk/tale. Tenesta møtte kommunane sitt behov om å få nødvendig rettleiing rask. Ei viktig oppgåve var å avklare kva som ligg i målgruppene våre og tydeleggjere mandatet vårt.




E-post
spor-oss@statped.no


Telefon
 46 74 59 15

Førespurnader til «Spør oss»

Talet på førespurnader var 3 177, og av desse var 326 fleirfaglege.



Talet på førespurnader pr. fagområde



Kompetanseutvikling

Laget rundt barnet mottar kompetanse om læremiddel

For oss i Statped er det vesentleg at laget rundt barnet har kunnskap om korleis dei skal bruke læremiddel og pedagogisk materiell for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte. Derfor har strategien vår for 2023–2027 eit eige innsatsområde som rettar seg mot å heve kompetansen til barnehagelærarar og lærarar i å nytte desse læremidla.

Statped informerer om å bruke relevant materiell på ulike tidspunkt i tenesteforløpet, avhengig av kva laget rundt brukaren har av behov og kompetanse. Gjennom tenesteytinga vår informerer vi også om relevant pedagogisk materiell til teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn. Rådgivarane våre bidreg til å kvalitetssikre korleis vi omtaler pedagogisk materiell på statped.no. Samstundes informerer vi om relevant materiell på kurs. I 2023 gjennomførte vi eigne læremiddelseminar der læremiddelutviklarane og brukarane av læremidla fekk møte og snakke med kvarandre. Vi informerte og rettleidde også laget rundt barnet om å bruke læremiddel og pedagogisk materiell for blinde og svaksynte da vi nytte tenester. For å auke læringsutbyttet var

det viktig for oss å få fram korleis læremidla våre støttar opplæringa. Vi utvikla også pedagogiske tips og rettleiingar for å gjere det tydeleg korleis dei teiknspråklege læremidla våre kan brukast.

Enkel tilgang til læringsressursar

I 2023 var målet å gi laget rundt barnet enkel tilgang til læringsressursane våre. Produksjonar som Statped utvikla i 2023, vart aktivt sett og brukte, og målgruppene fekk tilgang til dei gjennom ressursar og plattformer som statped.no og Canvas. Vi etablerte effektive produksjonsrutinar for ulike format, noko som også omfatta universell utforming.

Da vi gav råd og tenester, passa vi samstundes på å informere om og gi tilgang til læringsressursane våre. Rådgivarane våre innan syn og høyrsele fokuserte på å bruke læringsressursar då dei gav råd og rettleidde. Dei bidrog også til utviklingsarbeid saman med avdelinga vår for læringsressursar. Vi spreidde dessutan kunnskap om læringsressursar for å tilpasse opplæringa for elevar med nedsett høyrsele. Då rådgivarane i aktuelle saker sende ut lenkjer til relevante læringsressursar på statped.no, opplevde laget rundt at dei vart

betre informert om kva som finst, og fekk lettare tilgang til relevante ressursar. Vi la kunnskapsbasert praksis til grunn då vi utvikla læringsressursane.

Samarbeid med Udir om kunnskapsgrunnlag

Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO* beskriv behovet for å styrkje arbeidet med eit godt kunnskapsgrunnlag om inkludering og spesialpedagogikk. Derfor fekk Udir i oppdrag av KD å lyse ut forsking og utvikling på feltet. I oppdraget stod det at Udir skulle tale med Statped og andre sentrale miljø og brukargrupper om å identifisere kunnskapsbehov.

Med dette kunngjorde Udir og Statped ei oppgåve i oktober 2023 for å vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget om læremiddel og læringsressursar for elevar med sansetap. Hovudproblemstillinga var: Korleis bidreg bruk av læremiddel og læringsressursar, utvikla for elevar med sansetap, til inkluderande læringsfellesskap i klassen? Udir og Statped starta forhandlingar med tilbydarar før jul. Det var også samarbeid om å leggje til rette eksamen og obligatoriske prøver for blinde / sterkt svaksynte og teiknspråklege.

Alvorleg skulefråvær – kompetansepakke om elevar med nevrotilstandar

Statped har over tid sett at talet på førespurnader om alvorleg skulefråvær har auka. Dette er eit problem i opplæringssektoren som i høg grad også er aktuelt for brukargruppene våre. Både i brukarundersøkinga og forarbeidet til strategiutviklinga vår fekk vi tilbakemeldingar frå kommunar om at dei manglar kompetanse på feltet. Vi spelte inn dette til Udir då vi arbeidde med kunnskapsgrunnlag for den nye strategien vår.

Statped utvikla ei kompetansepakke om elevar med nevrotilstandar og skulefråvær.

– Evalueringa av pakka synte at 66 % av respondentane endra praksis då dei møtte elevar med ufrivillig skulefråvær. Pakka bidrog til å auke kompetansen og endre praksisen i opplæringssektoren om elevar med nevrotilstandar og skulefråvær.

Kompetansepakka var modulbasert med fem dagssamlingar og arbeid mellom samlingane. I 2023 evaluerte vi ho, og i løpet av året gav vi ho som ein del av kompetanseløftet til 590 deltakarar, og etter søknad til 392 deltakarar frå fire kommunar, tre kommunale nettverk og

Kurs og konferansar	2021	2022	2023
Tal på kurs og konferansar	275	238	217
Digitale kurs i %	57,1 %	47,9 %	38,2 %
Tal på deltakarar	18 135	11 748	13 560

éin fylkeskommune. Vi forankra arbeidet i leiinga til kommunane og tilpassa leveransane våre til behova i kvar einskild kommune. 84 % av respondentane svarte at dei fekk større forståing og kompetanse og fleire verktøy i arbeidet sitt med skulefråvær. 86 % melde at elevane var meir på skulen etter at vi gav pakka til laget rundt dei. Mange kommunar som fekk pakka, hadde også søkt Statped om ei individteneste. Då leverte vi tenesta parallelt med at vi leverte pakka. Resultata frå undersøkinga brukte vi til å vidareutvikle arbeidet vårt.

Kurs og konferansar

Statped tilbyr både fysiske og digitale kurs og konferansar, og vi har kurs både med og utan påmelding av deltakarar. I 2023 arrangerte vi 217 kurs og konferansar. Av

dei var 38,2 % digitale, og det totale talet på deltakarar var 13 560.

Det samla talet på deltakarar var høgare enn i 2022. Samstundes fekk vi ein liten nedgang i delen digitale kurs og talet på kurs i si heilheit.

Vi erfarte at digitale kurs og konferansar opnar for langt fleire deltakarar, lågare kostnader for samarbeidspartnarar, fleksibel deltaking og moglegheit for å dele opp innhald i modular som deltakarane kan ta når det passar dei best. Samstundes er ikkje alle fagområda våre like eigna til å formidle via digitale plattformer.

Teiknspråk og døvblindheit er fagområda som hadde det høgste talet kurs, men



Norsk teiknspråk er eitt av minoritets-språka våre. Det blir brukt av ca. 16 500 menneske i Noreg.

som samstundes hadde det lågaste talet digitale kurs. Dette hang saman med erfaringane som fagområda våre gjorde seg i løpet av Covid-19-pandemien. Då gjennomførte vi kursa våre digitalt, men det synta seg at digital undervisning ikkje alltid var formålstenleg. Norsk teiknspråk er eit gestuelt-visuelt språk som er utfordrande å kombinere med gruppeundervisning på skjerm. Kurs i kombinerte sansetap og døvblindheit har ei praktisk tilnærming, der øvingar med taktil kommunikasjon inngår. Vi erfarte at det ikkje samsvarer med innhaldet og forma til desse kursa å gjennomføre dei digitalt.

I Statped har vi eit eige produksjonsmiljø som bidreg med videoproduksjonar, animasjonar, strøyming og anna teknisk hjelp til kurs, konferansar og læringsressursar. Dei gir også råd og rettleiar rådgivarane våre slik at dei sjølv kan gjere opptak.

Tilbakemeldingar på kursa våre syner at deltakarane i høg grad er nøgde med innhaldet og ser kursa som relevante med tanke på sitt eige daglege arbeid.

Eit døme er kursa våre om språkforstyringar og språkkartlegging i førskulealder; «Følg

med – ikke vent og se» og «Tidlig hjelp er god hjelp». Her la vi til rette for å delta ved at vi sende webinar både om for- og ettermiddagen, og med moglegheit for å chatte. Responsen på kursa var svært god med godt over 1 000 unike påloggingar. Foredragshaldarane fekk over 300 e-postar med tilbakemeldingar frå både barnehagetilsette, spesialpedagogar, PPT, UH, helsesjukepleiarar og logopedar. Tilbakemeldingane var jamt over at innhaldet heldt høg fagleg kvalitet, og at vi hadde gode døme i presentasjonane som deltakarane kunne bruke i det daglege arbeidet sitt. Vi erfarte at tilsette i barnehagar trong å sjå slike webinar etter opningstid. Mange rapporterte at dei sette av tid for heile eller deler av personalgruppa til å sjå slike webinar i fellesskap. Vi fekk også fleire førespurnader om å tilby nye webinar for å følgje opp og greie ut om spissa tiltak knytt til språkforstyrningar.

Statpedkonferansen arrangerte vi for åttande gong i 2023 som ein heildigital konferanse over to dagar. Temaet var utanforskap, skulefråvær og vanskelege overgangar. Vi løfta særleg fram verdien av stemma til eleven for å skape ein inkluderande fellesskap. Samstundes løfta

vi fram verdien av leik og barnefellesskap som grunnlag for at barn kan utvikle seg og lære. Andre tema var å bruke lovverk og system til beste for barnet, sjå moglegheiter og ta barn på alvor.

I løpet av konferansen fekk deltakarane sjå fleire læringsfilmar innan Statpeds ulike fagområde. Filmene hadde stor gjenbruksverdi for deltakarane og medverka til at statped.no fekk mykje besøk under og etter konferansen. På den måten formidla konferansen nytta av å bruke statped.no for å spreie kompetanse og informasjon. Ca. 4 000 var innom konferansen i løpet av dagane.

Elevkurs innan syn og høyrse

Elevkurs innafor fagområda syn og høyrse er ein aktivitet som vi vurderte å fase ut i samband med omstillinga av Statped. Brukarorganisasjonane hadde eit sterkt ønske om å føre elevkursa vidare. Dermed gjennomførte vi ein pilot hausten 2023.

Vi gjennomførte kurs innan syn for elevgruppa med rettar etter opplæringslova § 2-14. I 2023 heldt vi tre kurs på to dagar kvar for 24 elevar og deira føresette til saman. Tema for kursa på barne-trinnet var punktskrift og mobilitet. På

ungdomstrinnet var temaa punktskrift og digitale ferdigheiter.

Målgruppa for elevkursa innan høyrse var elevar med nedsett høyrse som ikkje nyttar teiknspråk. I 2023 gjennomførte vi to kurs på to dagar kvar med til saman 20 elevar og deira føresette. Tema var utfordringar knytt til overgangen frå småskuletrinnet til mellomtrinnet, høvesvis overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen. Vi lærte også deltakarane å bruke tekniske hjelpemiddel på skulen og i kvardagen.

Kursa vart evaluerte, og evalueringa blei presentert i det nasjonale brukarrådet vårt. Rapporten sende vi til KD.

Samarbeid med universitet og høgskuler (UH)

I 2023 arbeidde vi systematisk for å styrkje samarbeidet med UH-sektoren. Vi omtalte dette i innsatsområde 5 i den nye verksemdstrategien vår som å identifisere og følgje opp behov for innovasjon, forskning og utdanning.

Derfor vedtok vi eit nytt rammeverk i 2023 for å samarbeide med UH-sektoren. Intensjonen var å framstå tydeleg og

relevant som samarbeidspart og bidra med kompetanse som UH-sektoren har behov for. Vi forankra studierelaterte tenester til UH-sektoren i oppdrag, mål og fagleg kjerneverksemd, og vi prioriterte å bidra til og samarbeide om utdanningar og FoU-arbeid på fagområda våre.

I 2023 tok vi også kontakt med dei UH-institusjonane som vi har samarbeidsavtalar med, for å invitere dei til dialog om vidare samarbeid. Tilbakemeldingane vi fekk, viste at institusjonane var positive til å samarbeide med oss.

I løpet av året bidrog vi også med praksisnær kunnskap og spisskompetanse på fagområda våre i relevante utdanningar i form av studie-relaterte tenester. Dessutan implementerte vi nye rutinar for å melde behov for slike tenester. Vi erfarte at rutinane fungerte godt og effektivt både for UH-sektoren og oss.

Statped hadde også andre samarbeids- og samhandlingsflater som på ulike måtar bidreg til å synleggjere verksemda, kompetansen og brukargruppene. Gjennom samarbeidet i 2023 fekk vi nyttig omgivnadskunnskap som var viktig for fag- og tenesteutviklinga og direktoratsrolla vår.

Utdanningar innan teiknspråk- og sansetapområda

Statped er i dialog med UH-institusjonar som tilbyr utdanning innan teiknspråk for å sjå på korleis vi kan samarbeide om felles mål for å auke kompetansen innan norsk teiknspråk.

I 2023 hadde vi god dialog med Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) om å vidareføre og -utvikle erfaringsbaserte masterprogram i audio- og synspedagogikk. I 2024 vil Statped og NTNU utarbeide ein ny samarbeidsavtale. NTNU er klar til å ta opp studentar og vidareføre og -utvikle program hausten 2024. Det er stor mangel på syns- og audiopedagogisk kompetanse i kommunar og fylkeskommunar. Utdanningstilbodet ved NTNU har stor betydning for barn og elever med sansetap. Eit viktig resultat frå arbeidet i Statped i 2023 var å føre utdanningstilbodet ved NTNU og samarbeidet vårt vidare.

Studentar i praksis

I 2023 var 46 studentar i praksis i Statped. Dei kom i hovudsak frå fagområda synspedagogikk, spesialpedagogikk, teiknspråktolking og audiopedagogikk.

Statped gjennomførte hausten 2023 eit pilotprosjekt i samarbeid med Institutt for lærerutdanning og skoleforskning og Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo (UiO). Prosjektet var ein studieklinikk og ei forsøksordning for å imøtekomme mangel på praksisplassar for studentar ved UiO. I praksisperioden fekk logopedistudentar trening i å rettleie lektorstudentane i riktig stemmebruk. Statped bidrog med praksisnær kunnskap innan stemmevanskar. Evalueringa av prosjektet vitna om at studieklinikken var god, og det var ønskje om å føre prosjektet vidare.

UH-nettverk

I 2023 deltok vi i landsdekkjande UH-nettverk i kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, nasjonalt nettverk for spesialpedagogikk og norsk nettverk for forskning om funksjonshemma.

Forskingssamarbeid

Statped skal arbeide kunnskapsbasert, det vil seie at praksisen vår skal vere basert på systematiserte erfaringar, ny forskning og behovet til brukarane i ein gitt kontekst. Innan nokre av fagområda våre finst det lite norsk og nordisk forskning, særleg innan sansetapsområda og skulefråvær relatert til

brukargruppene våre. I 2023 var vi derfor i dialog med relevante universitet om å samarbeide om å søke Forskingsrådet om offentlig sektor-ph.d. innan områda for å sikre at ny kunnskap kan utviklast innan små fagområde.

Vi bidrog med kompetansen vår til Senter for spesialpedagogisk forskning (SpedAims) i prosjektet «Hjertespråk – Samiskspråklige barns læring og utvikling i Norge». Det har som mål å få meir kunnskap for å støtte samiskspråklege barn sine språklege, faglege og sosiale lærings- og utviklingsmoglegheiter i Noreg. I 2023 hadde vi halvårlege møte med SpedAims om status for dei ulike prosjekta som var satt i gang.

Forskningsprosjektet «Samarbeid om utvikling av kompetanse for inkluderende praksis»

I perioden 2019–2022 deltok Statped i forskningsprosjektet «Samarbeid om utvikling av kompetanse for inkluderende praksis» (SUKIP) saman med NLA Høgskolen (prosjektleiar) og Universitetet i Stavanger (UiS) (deltakar), Randaberg kommune (eigar) og Bergen kommune (deltakar). Målsetjinga var å prøve ut gode infrastruktur for at barnehage, skule og PPT kan

samarbeide om å utvikle kompetanse. Prosjektet fekk midlar frå Forskingsrådet.

Prosjektet vart avslutta 12. april 2023 med eit større fagseminar om SUKIP og kompetanseløftet. Seminaret vart gjennomført i

Bergen med over 100 fysiske deltakarar. Samstundes følgde like mange seminaret digitalt. Prosjektet lanserte ein større prosjektantologi i samband med seminaret. Statped var ein del av redaktørgruppa og bidrog med to kapittel i antologien.

Undervisning, forelesingstimar

Fagområde	2021	2022	2023
Alternativ og supplerande kommunikasjon	*	*	30
Kombinererte syns- og høyrselstap og døvblindheit	18	43	26
Erverva hjerneskode	2	0	1
Høyrsel	121	105	184
Samansette lærevanskar	141	76	114
Språk/tale	139	182	103
Syn	329	251	183
Teiknspråk	*	*	4
Utan fagområde	249	26	6
Totalt	999	687	651

* Vi har ikkje tal, då det blei ny faginndeling ved omorganiseringa. Endringa kom i 2022, men midt i året, derfor har vi berre tal for 2023).

Som tidlegare år utgjorde undervisning, som forelesingar og workshopar, den største delen av tenestene våre til UH-sektoren i 2023. Vi bidrog med forelesingar, undervisning og workshopar på masterstudium, vidareutdanningar og grunnutdanningar.

Talet på forelesingstimar som vi held, varierer litt frå år til år. Årsakene skuldast varierende behov i UH-sektoren og struktur i utdanningsløpa. Vi heldt flest forelesingstimar om høyrsel og syn i 2023, og fleire forelesingstimar om høyrsel og samansette lærevanskar i 2023 enn i 2022. Samstundes heldt vi færre forelesingstimar om døvblindheit, språk/tale og syn enn tidlegare år.

Spesialpedagogisk kunnskap og kompetanse på nett

Statped.no hadde 770 000 brukarar i 2023. Det var 92 000 fleire enn i 2022. Nettstaden hadde nær 3,7 millionar sidevisningar. Det er 300 000 fleire enn året før. Den digitale Statpedkonferansen fekk mest besøk med 30 600 sidevisningar. Statped arbeidde kontinuerleg med å forbetre nettstaden. Vi la om forsida, oppdaterte søknadsskjema våre og relanserte sidene om tenester. I tillegg gjorde vi ein søkjeordanalyse av

nettstaden, og vi gjorde kvantitative og kvalitative undersøkingar av korleis innhaldet blei brukt, mellom anna med representantar for PPT, barnehagar og skular om erfaringane deira med å bruke statped.no.

«Fant du det du lette etter?» på statped.no samla 2 214 tilbakemeldingar frå nettbrukarane. Rundt 40 % fann det dei leitte etter. Alle tilbakemeldingar, også frå dei som ikkje fann fram, er verdifulle for å gjere innhaldet på statped.no betre. Sommaren 2023 skaffa vi oss eit optimaliseringsverktøy som synte seg å vere svært nyttig for å rette opp brotne lenker og feilstavingar.

Vi var dessutan aktivt til stades på Facebook, Instagram og LinkedIn. På Facebook hadde vi 36 200 følgjarar i 2023. Det var 2 800 fleire enn året før. I tillegg var vi aktive i 35 Facebook-grupper innan opplæring og spesialpedagogikk med til saman 545 000 medlemmar, noko som bidrog godt til å spreie kompetansen vår.

Hausten 2023 moderniserte vi også Statpeds logo og visuelle profil. Vi planlegg å lansere den nye profilen vår 1. februar 2024. Med det vil vi stå fram som ein synleg, tilgjengeleg og relevant aktør i opplæringssektoren.

Søknadsinngang og tenester Raske og digitale tenester

I løpet av året la vi vekt på å yte tenester stabilt og kontinuerleg, og i alle divisjonar følgde vi systematisk opp tid til å behandle saker. I 2023 innførte vi nye rutinar for å behandle saker raskare, og vi såg at ventetida vår gjekk ned i løpet av året. Vi heldt fram med å levere tenester digitalt. Digitalisering på fleire område gjorde oss meir tilgjengelege for brukarane og samarbeidspartnarane våre, gav læringsutbytte til fleire og styrkte inkluderinga til ein viss grad. Vi heldt fram med å rettleie PPT før dei søkte tenester hos oss, og vi vurderte kontinuerleg kva tenester som kunne vere digitale, og kva som fordra at vi var fysisk til stades i ein kommune. Vi såg også den digitale tenesteytinga vår i lys av ulike digitale verktøy, plattformer som samarbeidspartnarane våre bruker, universell utforming og personvern.

Saksbehandlings- og ventetida gjekk ned

Vi reduserte den gjennomsnittlege saksbehandlings- og ventetida vår frå 53 dagar i 2022 til 45 dagar i 2023. Dermed var vi tilbake på 2021-nivå før omstillinga

vår starta, og vi var rett i overkant av ambisjonsnivået vårt på 44 dagar. Gjennomsnittleg ventetid reduserte vi frå 36 dagar i 2022 til 26 dagar i 2023. Dette var ein effekt av tiltaket vi innførte i mars 2023 om å gjennomføre oppstartsamtale innan 14 dagar. Vi erfarte at det tek tid å etablere gode rutinar for dette i heile organisasjonen.

Ein grunn til at tenestene kom raskare i gang, var at oppstartsamtaalen kravde mindre ressursar enn tradisjonelle oppstartsmøte med fleire aktørar. Vi erfarte at då det første steget vart enklare, kom dei neste aktivitetane i tenesta også raskare i gang.

Mot slutten av 2023 vurderte vi kvaliteten i dataene våre. Da avdekte vi manglar i registreringane som ligg til grunn for ventetid. Vi korrigererte dei største avvika omgåande og vi minimerte usikkerheita ytterlegare då vi gjekk gjennom datagrunnlaget på nytt. Endelege tal er dermed godt kvalitetssikra. Vi følgjer opp dette i 2024 for å sikre at vi registrerer oppstartsdato i tråd med rutiane våre. Omstillinga av Statped har auka kapasiteten vår til å identifisere og følgje opp utfordringar knytt til datakvalitet.

Talet på søknader steig



Individtenester frå Statped er knytt til namngjevne brukarar. Slike tenester kjem i hovudsak i stand etter søknad frå PPT eller tilvising frå helseføretak i tråd med avtale. I 2023 fekk vi litt fleire søknader om individtenester enn i 2022. Jamvel hadde vi litt færre tilvisingar som ikkje var knytt til ein avtale. Vi innvilga 96 % av søknadane frå PPT, som er 5 % fleire enn i 2022. Samstundes av slo vi færre individsøknadar,

færre blei trekte, og nesten ingen blei avslutta av andre årsaker samanlikna med 2022. Konklusjonen vart at dei aller fleste individsøknadane vi fekk, var i tråd med mandatet vårt. Vidare innvilga vi 97 % av tilvisingane vi fekk etter avtale med helseføretaka. I løpet av året fekk vi også nokre tilvisingar som ikkje var knytt til ein avtale. Vi innvilga færre enn fem av desse.

Innvilga søknader og straks-saker etter fagområde og alder


Innvilga søknader frå PPT og straks-saker etter fagområde i 2023

Alternativ og supplerande kommunikasjon støyr dei andre fagområda og står derfor ikkje i tabellen med egne tal.

I 2023 innvilga vi flest søknader frå PPT knytt til sammensette lærevanskar og nest flest knytt til syn. I 2022 innvilga vi også flest søknader knytt til desse to fagområda.

Straks-saker er tenester som vi hovudsakleg gir når sped- eller småbarn har nyoppdaga sansetap, og når barn og elevar får ein alvorleg erverva hjerneskode.


Flest straks-saker i 2023 var knytt til høyrsel, følgd av erverva hjerneskode og syn. Vi fekk litt færre saker enn i 2022, men talet på saker knytt til dei største fagområda våre var dei same i 2022 og 2023.



Innvilga søknader og straks-saker etter aldersgruppe i 2023

Der personar var 19 år og eldre, fekk vi ein auke i søknader frå PPT som vi innvilga, frå 44 i 2022 til 63 i 2023. Samstundes gjekk innvilga søknadar i denne aldersgruppa ned frå 75 i 2021 til 44 i 2022. Såleis var ikkje auken i 2023 så stor likevel. Samanlikna med 2022 var det berre i aldersgruppa 16–18 år at vi ikkje innvilga fleire søknadar frå PPT i 2023.


Talet på straks-saker gjekk opp frå 2021 til 2022, men ned frå 2022 til 2023, slik at i 2023 var vi på same nivå som i 2021. I aldersgruppa 0–5 år fekk vi flest straks-saker i 2023, men talet fall frå 116 i 2022 til 92 i 2023. I aldersgruppa 6–9 år fall også talet, frå 16 i 2022 til 12 i 2023.




Statpeds brukarar etter fylke

I 2023 hadde Statped flest brukarar frå Trøndelag, sett i høve til innbyggjartal. Gjennomsnittleg for heile Noreg ytte vi tenester til 1,2 brukarar pr. 1 000 innbyggjarar, mens vi i Trøndelag ytte tenester til 1,5 brukarar pr. 1 000 innbyggjarar. Fylka med flest brukarar som fekk tenester av oss i 2023, var Viken med 1 445, Trøndelag med 709 og Vestland med 662.

Talet på aktive brukarar i 2023 etter fylke, pr. 1 000 innbyggjarar




Aldersfordeling av aktive brukarar pr. fylke 2023



- **0–5 år:** Vi hadde flest brukarar i barnehagealder frå Rogaland med 23 %, og færrest frå Troms og Finnmark, Vestland og Vestfold og Telemark med 15 %.
- **6–9 år:** Vi hadde flest brukarar på småskuletrinnet frå Nordland med 28 %, og færrest frå Innlandet, Vestfold og Telemark og Vestland med 17 %.
- **10–12 år:** Vi hadde flest brukarar på mellomtrinnet frå Vestland med 21 %, og færrest frå Oslo med 10 %.
- **13–15 år:** Vi hadde flest brukarar i ungdomsskulealder frå Agder og Innlandet med 18 %, og færrest frå Møre og Romsdal med 13 %.
- **16–18 år:** Vi hadde flest brukarar i vidaregåande alder frå Oslo med 15 %, og færrest frå Rogaland med 7 %.
- **19 år +:** Vi hadde flest brukarar i vaksen alder frå Oslo med 29 %, og færrest frå Nordland med 14 %.

Tal på aktive brukarar i 2023 etter fylke og fagområde pr. 1 000 innbyggjarar



- **Erverva hjerneskade:** Trøndelag hadde flest brukarar knytt til erverva hjerne-skade (8 %), mens Vestland, Troms og Finnmark og Nordland hadde færrest (*).
- **Hørsel:** Trøndelag hadde størst del av brukarar knytt til hørsel (18 %), mens Oslo og Vestland hadde færrest (4 %).
- **Kombinerte syns- og hørselstap:** Oslo var hadde flest brukarar knytt til

- kombinerte syns- og hørselstap (13 %), mens Nordland hadde færrest (*).
- **Samansette lærevanskar:** Nordland hadde flest brukarar knytt til samansette lærevanskar (30 %), mens Oslo hadde færrest (*).
- **LKG (språk/tale):** Oslo hadde flest brukarar knytt til språk/taleutfordringar inkludert LKG (64 %), mens Trøndelag

- hadde færrest (42 %)
- **Syn:** Troms og Finnmark hadde flest brukarar knytt til syn (16 %), mens Vestland og Nordland hadde færrest (7 %).
- **Teiknspråk:** Vestland hadde flest brukarar knytt til teiknspråk (8 %), mens Nordland hadde færrest (*).

* Delen var så liten at han ikkje er talset.

Den største brukargruppa til Statped i 2023 var leppe-kjeve-ganespalte (LKG). 3 011 av dei 6 370 aktive brukarane våre var LKG-brukarar. LKG er knytt til fagområdet språk/tale, som samla hadde 3 510 brukarar. Med andre ord var berre 14 % av brukarane våre innan språk/tale i 2023 ikkje knytt til LKG.

Talet på tenester

Talet på brukarar gjekk noko ned frå 2022 til 2023. Som konsekvens av eit spissare og meir målretta mandat for Statped var dette ei venta endring.

Talet på systemtenester gjekk også ned. Endringa skuldast arbeid med å rydde og endre registreringspraksis gjort i samband med omorganiseringa av Statped. Talet på systemtenester omfattar tenester til UH-sektoren, læremiddel og kompetanseutviklingstilbod til kommunane.

Hovudgrunnen til at vi fekk fleire søknader om systemtenester i 2023, er at vi gjekk frå avtalebaserte til søknadsbaserte tenester. Dette er søknader om tenester og kompetanseutvikling til laget rundt barnet.



	2021	2022	2023
Talet på brukarar	6 917	6 674	6 369
Talet på systemtenester (inkl. kurs)	1 862	1 950	1 565
Talet på søknader om systemtenester	166	206	277


Barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering

Individtenester frå Statped er knytt til namngjevne brukarar. Slike tenester kjem i hovudsak i stand etter søknad frå PPT eller tilvising frå helseføretak i tråd med avtale. I 2023 fekk vi litt fleire søknader om individtenester enn i 2022. Jamvel hadde vi litt færre tilvisingar som ikkje var knytt til ein avtale.

Systemtenester frå Statped er ikkje knytt til namngjevne personar. I 2023 ytte vi systemtenester på bakgrunn av søknader, avtalar, oppdrag frå KD eller eigeninitierte systemtenester. Til dømes var det snakk om tilpassa kurs, forelesingar og workshopar til PPT og andre i laget rundt barnet, eller studierelaterte tenester som forelesingar til UH. Vidare informerte vi om og rettleia kommunane i å bruke læringsressursar. I nokre tilfelle følgde vi opp individtenester gjennom systemtenester der det styrkte laget rundt barnet.

Søknadstala om systemtenester frå PPT etter tema

*I tillegg gav Statped systemtenester gjennom avtalar, oppdrag og eigeninitierte tenester.



Vi fekk 277 søknadar om systemtenester i 2023, mot 206 i 2022. Saksbehandlingstida for systemtenester var 22 dagar i 2023, mot 23 dagar i 2022.

Størstedelen av søknadene fekk vi frå PPT (142). To av fem var om ufrivillig skulefråvær eller ASK. Søknadene om ufrivillig skulefråvær var ofte knytt til nevroutviklingsforstyrningar. Høyrse og språk/tale utgjorde 10 % kvar, mens matematikkvanskar utgjorde 9 %. Andre tema som vi fekk søknader om, var inkludering, samisk, syn, erverva hjerneskade, kombinerte syns- og høyrsestap og døvblindheit, åtferdsregulering, digital didaktikk og teiknspråk.

Vi erfarte at tema og kva som blei etterspurd, som oftast var svært likt mellom systemsøknader frå PPT og kompetansebidrag vi gav gjennom kompetanseløftet.

Den største endringa frå 2022 til 2023 var ein konsekvens av omorganiseringa av Statped, der vi gjekk frå avtalebasert tenesteyting til at samarbeidspartnarar i all hovudsak søkte oss om systemtenester. Dette viste seg spesielt i tenestebehova UH-sektor melder om.

Samisk spesialpedagogisk støtte (SEAD)

Samisk spesialpedagogisk støtte (SEAD) samarbeider med alle avdelingar og divisjonar i Statped om tenester og kompetanse knytt til samiskspråklege brukarar innan alle fagområda våre. Dessutan sikrar SEAD god forståing for samisk språk og kulturutvikling i tenestetilbodet vårt. SEAD er ei spesialisert eining med kompetanse både om samisk språk og kultur og spesialpedagogikk. Derfor tilbyr vi spesialpedagogiske tenester av meir generell karakter knytt til SEAD enn vi elles gjer.

I 2023 ytte Statped samisk spesialpedagogiske støtte med individ- og systemtenester på tvers av fagområde, divisjonar og avdelingar i Statped. Tre regionale arbeidslag styrkte og sikra kvaliteten i tenestene til samiskspråklege brukarar og nettverket deira. Vi gav tenester både digitalt og fysisk og vurderte om vi måtte reise til møte eller ikkje i kvar einskild sak.

SEAD har utvikla ei rekkje samiskspråklege læringsressursar med både didaktisk og pedagogisk materiell på nord-, lule- og sørsamisk. Arbeidet er basert på kunnskapsgrunnlag og dialog med PPT, forlag, Sametinget, skular og barnehagar. I 2023 oppdaterte vi SEAD sine sider på statped.no.

SEAD samarbeidde med mange instansar i løpet av 2023, mellom anna:

- Digitale møte med Specialpedagogiska skolmyndigheten (SPSM) om rådgivarar kan hospitere knytt til å utvikle kompetanse, fleirkulturell kompetanse, samiskspråklege læringsressursar og kartleggingsmateriell, relevant forskning, arbeid på systemnivå og innovativt partnerskap med Sameskolstyrelsen.
- Fire forelesingar ved Samisk Høgskole for studentar på barnehagelærer- og lærarutdanninga.
- Ekspertpanel og prosjektmøte med SpedAims knytt til prosjekt om skuleløp og samiskspråklege barn.
- Samlingar med Samisk utviklingsnettverk KS for at kommunar med behov kan samarbeide for å styrkje språkarbeid.
- Bidrag med Høgskolen i Innlandet, studie- og forskingssted Lillehammer og Samisk Høgskole til prosjektet «Samiske perspektiver på mangfold, variasjon og spesialpedagogisk støtte i pedagogiske kontekster».
- Bidrag med Statsforvaltaren i Trøndelag og Troms og Finnmark til langsiktig kompetanseplan for dei samiske barnehagane i Trøndelag, og representant i samarbeidsforumet i Troms og Finnmark.



Tidleg innsats før Nali startar på skulen

Når Nali (5) byrjar på skulen, har overgangen frå barnehagen allereie vore planlagd i to år. I Rælingen kommune har dei systematisert rutinar for overgangar. Minstestandardar og stemma til barnet er stikkord.

Ein skulestart for eit barn med multifunksjonshemming krev grundigare førebuingar enn ein vanleg skulestart. Kva er rett skuletilbod? Kva skal innhaldet i tilbodet vere? Korleis overføre kunnskapen og erfaringane frå barnehagen til skulen på gode måtar? Og kva er ønska og behova til barnet? Dette er nokre av spørsmåla som laget rundt Nali har drøfta dei siste to åra. Alle svar er ikkje på plass, men prosessen er viktig og gir både tryggleik for foreldre og innsikt for alle som bidreg.

– Vi har utarbeidd ein minstestandard for overgangar. Konkret betyr dette eit flytskjema der vi formaliserer rutinar ved overgangar. Utover dette har vi også utvida og går grundigare til verks når det gjeld barna med dei største behova. Målet er at overgangar ikkje skal bli tilfeldige, og at det er gjennomtenkte løysingar når det gjeld val av skule og tilbod, seier PP-rådgivar i Rælingen kommune, Christine Finnemyhr Sommerstedt.

Å finne stemma til barnet

Systematisk kartlegging av «stemma til barnet» har vore sentralt i arbeidet. Det kan vere krevjande når barnet ikkje har eit verbalspråk.

– Det er kanskje ekstra viktig at vi finn stemma til desse barna. Når dei ikkje har eit talespråk, så må vi leite og kartleggje på andre måtar. Vi har fått god hjelp av Statped til å ta i bruk videoanalyse. Det har gjort oss betre i stand til å oppdage dei vesle signala som barnet kjem med, forklarar PP-rådgivaren.

Marit Hareide er barnehagestyrar i Heimen barnehage, der Nali no går. Ho kan fortelje om ein gut med mykje pågangsmot som stortrivst i barnehagen.

– Vi har jobba systematisk med å vere ein inkluderingsbarnehage. Det betyr at vi er ein vanleg barnehage som legg vekt på at alle tilsette skal ha kompetanse og fokus på å inkludere. Nali skal vere med på samlingar som dei andre, og det skal vere rom for at han får kvile, seier barnehagestyraren.

Inkludering har vorte meir enn ord

Golalah Eliassi, mor til Nali, fortel om ein gut som har hatt ei svært positiv utvikling det seinaste året.

– Vi ser at det betyr veldig mykje for Nali å få vere med jamaldra barn. Vi får heim ein heilt ny gut. Dei tilsette forstår og ser

han. Barn lærer av kvarandre. Nali er veldig nysgjerrig på dei andre. Han lærer mykje og opnar meir og meir opp, forklarar ho.

Gode overgangar

– ekstra viktig for desse barna

Knut Slåtta og Tonje Lovang er rådgivarar i Statped og har hjelpt til i Rælingen kommune.

– Det er svært viktig at det som fungerer godt i barnehagen, blir med over til skulen. Barnehagen har gjerne hatt tid til å finne ut korleis eksempelvis gode leikeaktivitetar kan gå føre seg, eller korleis dei kan gjennomføre rutinar på ein god måte. Denne kunnskapen må dei dele med dei som skal ta over på skulen, forklarar rådgivarane.





Hovudmål 2

Barn og elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk er inkluderte både i ein norsk/samisk og ein norsk teiknspråkleg fellesskap.

Norsk teiknspråk er eitt av minoritetsspråka våre. Det blir nytta av ca. 16 500 menneske i Noreg. Statped har ansvaret for to ulike opplæringsarenaer; deltidsopplæringa i teiknspråk og heiltidsopplæringa ved Diamanten skule for elevar med døvblindheit.

Effektar av arbeidet med teiknspråk

Statpeds tilbod om deltidsopplæring i og på teiknspråk er ein alternativ opplæringsarena. Bustadskulen der elevane går til dagleg, har ansvaret for opplæringa til elevane og rår over kunnskapen om læringsresultata deira. I 2023 tok Statped i bruk eit vurderingssystem som informerer om måloppnåinga til elevane knytt til kompetansemål som vi varetek i samarbeid med bustadskulane deira. Dette dannar grunnlaget for at vi kan følgje opp kvar

einskild elev og samarbeide med og rettleie lærarar på bustadskulane. Systematisk vurdering aukar moglegheitene for at deltidsopplæringa i teiknspråk støttar opp om læringa til elevane.

Hausten 2023 hadde vi rekordstor påmelding til nasjonal ungdomstrinnsveke. Da vi snakka med elevane og evaluerte opphaldet, var dei nøgde og trakk særleg frem verdien av å få nye vener og språkleg og sosial fellesskap med andre teiknspråklege elevar. Foreldre og bustadskular melde om positiv effekt på læring og trivsel.

I 2023 hadde vi like mange deltakarar som tidlegare på teiknspråkkurset «Se mitt språk» for foreldre. Mange barn tok også del i barnehage- og i søskentilboda våre. Den siste brukarundersøkinga vår viste at foreldra var svært nøgde. Vi bidrog til å inkludere då vi gav foreldre og søsken høve til å lære seg teiknspråk saman med barnet som har nedsett høyrsel. Då utviklar familien eit felles språk. Vi fekk også svært gode tilbakemeldingar på det nyoppretta barnehagetilbodet vårt. Frå forskning veit

vi at tidleg innsats har positiv effekt på språkutviklinga til barn.

Kompetansemål i deltidsopplæringa

Elevar som har teiknspråk som førstespråk, eller som har rett til slik opplæring etter sakkunnig vurdering, kan få deltidsopplæring i og på teiknspråk. Opplæringa er heimla i opplæringslova § 2-6 eller § 5-1. Ho er også eit tilbod til «kids of deaf adults» (KODA) dersom PPT søker om dette etter § 5-1 i opplæringslova. Vi utviklar dessutan tilbod om tilgrensande tenester for ulike målgrupper, som teiknspråkkurs for foreldre, søsken og barn under opplæringspliktig alder med nedsett høyrsel/døvheit. Deltidsopplæringa er ein arena der elevane får praktisert teiknspråk i eit naturleg språkmiljø. På grunn av manglande kompetanse ved bustadskulen er dette tilbodet ofte det einaste desse elevane har.

I 2023 fekk om lag 200 elevar deltidsopplæring i Statped. Med ein svak auke har elevtalet halde seg på dette nivået sidan byrjinga av 2000-talet. Vi gir opplæring i og på teiknspråk til elevar på 1.–10.trinn i grunnskulen i inntil tolv veker i året, men

det mest vanlege er frå fire til seks veker. Vi tilpassar vekene etter kva bustadskulen og elevane ønskjer seg, og innhaldet blir tilpassa etter behov. I tillegg til dei fysiske samlingane tilbyr vi digital teiknspråkopp- læring (fjernundervisning).

Vi inngår årlege samarbeidsavtalar med bustadskulen til elevane, mellom anna om kva kompetansemål Statped skal følgje opp. Dette fordrar tett samarbeid og dialog mellom teiknspråkpersonalet vårt og lærarane på bustadskulen. Vi vurderer elevane undervegs når dei er på deltidsopphald hos oss. Vidare fyller vi ut målskjema og vurderer måloppnåinga til elevane knytt til aktuelle kompetansemål. Saman med halvårsrapportar og årleg evaluering av samarbeidsavtalen bruker vi målskjemaa til å informere og rettleie skulane i arbeidet deira med vurdere teikn- språkkompetansen til elevane.

Sidan hausten 2014 har vi invitert deltids- elevar på ungdomstrinnet til ei årleg nasjonal ungdomsveke. Tilbodet vart utvida til to samlingar i året, ein fysisk og ein digital. Hausten 2023 hadde ungdomsveka rekordstort frammøte då 38 elevar deltok.

Samlinga var på Hovseter i Oslo, og delta- karane overnatta på hotell. For første gong var foreldra med som følgje.

Teiknspråkkurs

Statped har teiknspråkkurs retta mot tilsette i skule og barnehage, men kursa gir ikkje formell kompetanse. I 2023 var vi i dialog med UH-institusjonar som tilbyr utdanning innan teiknspråk, for å sjå på korleis vi kan auke kompetanse innan norsk teiknspråk. I vårsemesteret 2024 vil vi arbeide vidare med å bidra inn mot UH-sektoren på dette området.

Familiane utviklar teiknspråk som eit felles språk

Teiknspråk er anerkjent som eit fullverdig språk som det offentlege har ansvar for å styrkje og utvikle. Statped bidreg til å auke kunnskapen og heve kompetansen om teiknspråk til personell i barnehage, grunn- opplæring og PPT. Vi tilbyr kurs, webinar og læringsressursar om å lære og bruke teikn- språk i barnehage og skule. Tilboda er ope tilgjengelege for tilsette i barnehage, skule, PPT eller andre relevante verksemder. Kursa er etterspurde, og derfor jobbar vi for å føre dei vidare digitalt. I 2023 jobba vi mellom

anna med å utvikle og drifte eit pedagogisk teiknspråkleg tilbod til barn 1–6 år som inkluderer søsken og barn som sjølv har nedsett høyrsel.

At familiane skal utvikle norsk teiknspråk til eit felles språk, føreset at vi i Statped følgjer opp heilskapleg med kurs for foreldre og søsken og teiknspråkleg pedagogisk tilbod til barn under opplæringspliktig alder. I 2023 utvikla vi forslag for å beskrive formål med og innhald og organisering av søsken- tilbodet. Mange foreldre med lang reiseveg kan berre delta på kursa «God start» og «Se mitt språk» dersom søsken også får eit opplæringstilbod.

Barn og elevar med rett til opplæring i og på teiknspråk får tenester raskt

Vi vektlegg å behandle søknader raskt og ha dialog med PPT når dei søker om deltidsopplæring. Vi har rutinar for å samhandle internt og sikre gode tenester og samheng mellom deltidsopplæringa og oppfølginga ved bustadskulen.

Heiltidsopplæring

Diamanten skule for elevar med døvblindheit i Oslo er ein grunnskule og

vidaregåande skule som Statped eig og driv. Skulen hadde ni elevar ved utgangen av 2023. Leiinga og lærarane har spisskompetanse innan pedagogikk, taktil og atypisk kommunikasjon og døvblindheit.

Elevane treng individuelt tilpassa læremiddel og læringsmateriell. Vi skreddarsyr materialet til kvar einskild elev. Lærarane lagar derfor sjølv mykje av materialet dei bruker i undervisninga si.

Hausten 2023 vart det aller første kurset i taktil teiknspråkleg kommunikasjon for foreldre til små barn med døvblindheit, «Kjenn mitt språk», gjennomført. På bakgrunn av erfaringane og evaluering av kurset planlegg vi nytt kurs våren 2024.



Når læring blir taktil

Korleis jobbar du med læring og utvikling når både syn og høyrsel er nedsett? Hos barn med døvblindheit er kommunikasjon nøkkelen til læring.



På Diamanten skule i Oslo er utgangspunktet for pedagogikk og læring annleis. Den vesle skulen med ti elevplassar har eit grunn- og vidaregåande skuletilbod til elevar med medfødd døvblindheit som har behov for taktil tilnærming i opplæringa. Skulen blir driven av Statped.

Dei magiske augneblinkane

For lærar Joe Gibson handlar lærarkvardagen om å vere vaken for uttrykket til elevane. Når syn og høyrsel er svekt, må læraren vere tett på, både for å utnytte syns- eller høyrselsrestar, men også for å fange opp signal.

– Nøkkelen er at læraren oppdagar uttrykket til eleven, møter dette og gir eleven tid. Dette krev at vi er tolmodige og i stand til å vente, forklarar den engasjerte læraren.

Det er dei ørsmå teikna eller gestane lærarane ventar på – når eleven gir eit signal om at dei forstår, eller tek i bruk eit teikn.

– Slike augneblinkar er magiske. Det er dette som motiverer og stimulerer oss til å halde fram med å leite i dette spennande samspelet, forklarar læraren. Han har

doktorgrad og synest det mest meiningsfulle er å vere tett på elevane.

Betydd alt

Anne Grethe Skryten og Hans Arne Thorshaug er foreldre til Helle, som går på Diamanten skule.

– For oss har tilbodet på Diamanten skule betydd alt. Det at Helle har lært å kommunisere, kjem i stor grad av desse fagfolka, seier foreldra.

For dei betyr det tryggleik at Helle er i eit miljø med folk som kan språket hennar.

– Det handlar om å komme til eit miljø der Helle blir forstått. Det er grunnleggjande for å ha det bra, seier foreldra.

Skal komme heile landet til gode

Med høgt kompetente fagfolk skal erfaringane ved Diamanten skule i Oslo komme fleire til gode.

– På mange måtar kan vi seie at Diamanten fungerer som ein modellskule der kunnskap blir utvikla, prøvd ut, dokumentert og spreidd. Det er viktig for oss å gi tilgang

til det skulen utviklar og produserer. Rådgivarar i Statped samarbeider med oss og deler erfaringane og kunnskapane våre med skular over heile landet, seier rektor Hege Kristine Høgmo.

Kvifor det er behov for eit høgkompetent skulemiljø for barn som er fødd med døvblindheit, forklarar ho slik:

– Desse barna har ikkje tilgang til det språket som blir brukt naturleg i det samfunnet dei lever i. Dei har ein tilgangsproblematikk til kulturspråket. For at barn med døvblindheit skal bli høyrde og kunne utvikle kommunikasjon, er individuell tilpassing veldig viktig, forklarar rektoren.





Hovudmål 3

Kommunar og fylkeskommunar har tilrettelagde læremiddel og pedagogisk materiell som fremjar læring, utvikling og deltaking for teiknspråklege, blinde og sterkt svaksynte barn og elevar i ein inkluderande fellesskap.

Statped tilbyr eit mangfald av læremiddel for målgruppene våre som fremjar læring og deltaking. Vi har som mål at læremidla skal vere lett tilgjengelege for brukarane. Dette krev kompetanse i å bruke dei. I strategien vår for 2023–2027 valde vi derfor at eit av innsatsområda er at «Statped skal styrkje kompetansen til barnehagelærarar og lærer i å nytte læremiddel for blinde, svaksynte og teiknspråklege». I tillegg har vi utvikla nettportalar som viser læremidla våre med søkjesystem for fag, trinn og kompetansemål.

Læremiddel for elevar med synsnedsetjing

Inkluderande opplæring krev at elevar med synsnedsetjing har likeverdig tilgang til læremiddel som resten av klassen. I 2023

arbeidde vi systematisk internt for å rettleie skulane meir formålstenleg om ulike alternativ og kva som kan fungere best for dei ulike elevane.

Kunnskapsgrunnlag om punktskriftmateriell

I 2023 sluttførte vi eit prosjekt der vi innhenta kunnskap om erfaringar som elevar og lærarar har med å bruke punktskriftmateriell og andre læremiddel frå Statped. Vi undersøkte og henta inn erfaringar ved hjelp av spørjeskjema og intervju. Resultata frå prosjektet «Erfaringar med bruk av punktskriftmateriell og andre læremidler for elevar med synsnedsettelser» er eit viktig kunnskapsgrunnlag å arbeide vidare med for å utvikle tenestene våre på området.

Undersøkinga avdekte at elevar med synsnedsetjing har utfordringar i ein stadig meir digital skulekvardag, og understrekte at dei treng universell utforming og tilpassa læremiddel. Vi kan summere tilrådingane slik:

- Alle elevar treng tilbod om meir fleksible ressursar som kan integrerast med

eksisterande undervisningsmateriell, sikre universell utforming og gi likeverdig tilgang.

- Skulane treng å bli rettleia betre om tilgjengelege læremiddel, basert på at Statped kan rettleie betre gjennom at avdelingane våre samarbeider godt.
- Lærarar som skal bestille læremiddel, treng ei brukarvennleg nettside frå Statped for å gjere dette.
- Yngre elevar, i særleg grad, treng meir taktilt materiell og lydillustrasjonar.
- Lærarar treng styrka kompetanse i å utvikle ferdslar i punktskrift for at hyppig bruk av talesyntese ikkje skal gå ut over bruken av punktskrift.
- Statped treng å sikre og følgje opp at tenestene våre effektivt støttar den nye læreplanen og implementeringa av LK20.

Undersøkinga identifiserte nokre område der vi kan styrkje å gi råd og tilretteleggje læremiddel for elevar med synsnedsetjing. Vi må møte skulane sine behov og bidra til at elevane opplever eit inkluderande læringsmiljø.

Undersøking om læremiddel på teiknspråk

På oppdrag frå Statped undersøkte Rambøll

læremidla våre på teiknspråk. Undersøkinga viste at lærarar er godt kjende med læremidla våre, men at bruken deira av læremidla varierer. Vi erfarte også at vidaregåande skule treng fleire og betre tilpassa læremiddel på teiknspråk. Lærarane opplevde dessutan at eksisterande ressursar ikkje fullt ut møter behova deira, noko som fører til at dei må utvikle eige materiell. Dei etterspurde særleg læremiddel som dekkjer kompetansemål i norsk for teiknspråklege elevar, inkludert tema om samisk og minoritetsspråk. Vidare hadde dei fokus på og ønskte seg læremiddel om teiknspråkgrammatikk og tverrfaglege tema i fagfornyninga, tilpassa varierende teiknspråkkompetanse hos elevane.

Undersøkinga framheva at brukaropplevinga på nettportalen vår for teiknspråklege læremiddel vil bli betre med enklare navigasjon og betre kopling mellom læremiddel, fag og kompetansemål. Lærarane etterlyste også eit fagfellesskap, nettverk eller forum for å dele kunnskap og praksis og utveksle erfaringar om å bruke læremiddel.

Satsing på læremiddel

I revidert nasjonalbudsjett 2023 fekk Statped ei ekstra tildeling på 10 millionar

kroner for å styrkje læremiddeltilbodet til elevar med særskilde behov for tilrettelegging. Vi prioriterte ressursane våre strengt hausten 2023 for å gjennomføre ei stor satsing på lita tid. Vi samla forslag internt i Statped og i møte med brukarorganisasjonane på samsesetapsområda. Vi starta opp 30 prosjekt, og dei fleste vart ferdige i 2023. Av produksjonsmessige årsaker tok nokre prosjekt meir tid. Vi vil ferdigstille desse første halvår 2024.

Prosjekta er knytt til store delar av tenestetilbodet vårt og vil gi betre grunnlag for kunnskap og læremiddel for teiknspråklege, blinde/synshemma og døvblinde og om ASK. Vi lagde kompetansehevande materiell for laget rundt barnet og styrkte eigen produksjonskapasitet og tilgangen til læremiddel.

Tilgang til læremiddel

Statped legg til rette læremiddel for punkt-skriftbrukarar og leverer desse til forlag etter bestilling frå skular. Alle læremiddel som skulane bestilte i 2023, leverte vi som forventa. Over fleire år har vi jobba systematisk med samanhengen mellom å yte rådgivingstenester og utvikle læremiddel for elevar med synsnedsetjingar. Rapporten

«Erfaringer med bruk av punktskriftmateriell og andre læremidler for elever med synsnedsettelser» er eit viktig kunnskapsgrunnlag for å utvikle tenestene våre vidare.

I 2023 arbeidde vi med nye nettportalar så læremidla våre blir synlegare og enklare å få tak i.

Eksamen og obligatoriske prøver

Statped samarbeider med Udir om å tilretteleggje eksamen og obligatoriske prøver for teiknspråkbrukarar, sterkt svaksynte og blinde. I 2023 leverte vi eksamen til 10. trinn og vidaregåande opplæring, både til ordinære elevar og privatistar. Vi la jamvel til rette nasjonale prøver i lesing og rekning og kartleggingsprøver for 3. trinn.

I 2023 la vi også til rette tolv ulike eksamensoppgåver innafor syn, og vi stødde Udir med universell utforming av eksamensoppgåver i eit nytt digitalt system. I tillegg la vi til rette to nasjonale prøver, fire kartleggingsprøver og ni eksamenar på teiknspråk.

Videreutvikle læremiddelproduksjon

I 2023 hadde nettportalen vår for teiknspråklege læremiddel 28 374 brukarar. Eit

av dei mest brukte læremidla var teiknordboka og tilgrensande produkt. I 2023 hadde ho 11 300 nedlastingar for iOS og 15 900 aktive installasjonar for Android. Nettportalen vår for teiknspråklege læremiddel hadde mellom 50 og 150 daglege besøk med toppar på ca. 400 besøk.

Vi utarbeidde fem nye læremiddel på teiknspråk i 2023. Dei dekte område som matematikk for mellomtrinna, utvalde kjerneelement i læreplanen for faget teiknspråk etter 7. og 10. trinn og VG1, eventyr med oppgåver for barnehage og 1. til 2. trinn, teiknspråkgrammatikk for 1. til 4. trinn og demokrati i faget samfunnsfag for 10. trinn og vidaregåande opplæring.

I 2023 produserte vi også 25 lydbøker. Det årlege utlånet vårt er i overkant av 200 000 lydbøker. Når det gjeld punktskriftbøker på papir og/eller i elektroniske versjonar, leverte vi på konkrete bestillingar frå skulane. Alle bestillingane vi fekk i 2023, vart produserte og leverte. Elektroniske lærebøker som vi tilpassar til å bruke med leselist, lasta skulane/elevane ned frå nettsidene våre utan at vi har oversikt over omfanget. Dette forenkler og effektiviserer utlånet. Tidlegare sende vi alt til skulane.

I 2023, som tidlegare år, såg vi at vidaregåande skular bestilte færre punktbøker på papir. Elevane brukte i større grad elektroniske versjonar med leselist. Dei brukte også talesyntese saman med dei elektroniske versjonane.

I 2023 produserte vi også digitale læremiddel til nytte for brukarane våre. Vi brukte interaktive verktøy då vi designa læremiddel og materiell til teiknspråklege. I tillegg la vi til rette teiknspråklege versjonar av 32 temavideoar utvikla av Elevkanalen. Desse dekte kompetansemål i ei rekkje fag og spegla nyheitsbiletet og aktuelle saker gjennom året.

Når læremiddel blir avgjerande

For mange elevar er tilrettelagte læremiddel heilt avgjerande for å kunne lære. Statped utviklar mellom anna læremiddel til teiknspråklege. For Sverre (13) er dei heilt naudsynte for at han skal kunne lære å bruke førstespråket sitt.



I eit klasserom på ein liten skule i Nedre Vats i Rogaland er det undervisning i teiknspråk. Sverre har nedsett høyrsel og er den einaste eleven på skulen som har norsk teiknspråk som morsmål. Då blir tilgang til teiknspråkmateriell heilt avgjerande.

– Læremiddel på teiknspråk gjer at eg lærer betre og får oppgåver på førstespråket mitt, forklarar den unge guten.

Sverre er heldig og har ein utdanna teiknspråklærer. Gro Anette Vestre synest det kan vere krevjande å vere aleine med kompetansen sin, og ho er avhengig av støtte både i form av læremiddel og dialog med teiknspråklege miljø.

Heilt avgjerande i små kommunar

– Læremiddel i og på teiknspråk er kjempeviktig. Vi er mange som er aleine ute i kommunane. Då er det heilt avgjerande at vi har tilgang til desse læremidla. Lærarrettleiingar er også gull verdt. Vi må byggje opp kompetanse bit for bit sidan vi ikkje er ein del av eit teiknspråkleg miljø. Kompetansen vår vil alltid vere lågare. Eit godt utval av læremiddel er ei særskild støtte. Vi ønskjer

å gje desse borna dei same moglegheitene som andre. Då er læremidla ekstra viktige, seier teiknspråklæraren.

Noko av det viktigaste

På Huseby skule i Trondheim spelar også læremiddel til teiknspråklege ei viktig rolle i opplæringa. Skulen med over 500 elevar har mellom anna eit teiknspråkleg grunnskoletilbod for 1.–10. trinn.

– Materiellet frå Statped er grunnleggjande for oss og kanskje noko av det viktigaste vi har. Elevane er heilt avhengige av å ha tilgang til læremiddel på sitt eige morsmål. Det er så verdifullt, det som finst, men det er likevel for lite om ein samanliknar med kva andre elevar har tilgang til av læremiddel på morsmålet sitt, forklarar lærar og teiknspråklærer Charlotte Agerup.

Fleksibel bruk

Når Statped utviklar eit læremiddel, byggjer det på kompetansemåla i læreplanverket og innspel frå lærarar. Det kan starte med ein idé som utviklast med innhald og design. Læremidla er både digitale og fysiske og av og til i kombinasjon. Men det kan også

utviklast læremiddel med utgangspunkt i ressursar som allereie finst, eller teiknspråkleg tilrettelegging av skriftlege tekstar.

– Vi er opptatt av at læremiddelet kan brukast fleksibelt. Det at det er visuelt, gjer det også eigna som ei støtte for høyrande elevar. Dei kan eksempelvis brukast i klassen til elevar som har teiknspråk som førstespråk. Målet er at læremiddelet er godt tilpassa og nyttig for teiknspråklege elevar, anten dei går på ein døveskule eller ordinær skule. Vi skal nå alle, forklarar avdelingsleiar i Statped, Mette Eid Løvås.

Det er også eit mål at eleven sjølv skal kunne finne læremiddelet og ha påverknad på læresituasjonen sin. Avdelingsleiaren opplever at etterspurnaden er stor, og at Statped gjerne skulle ha produsert enda mykje meir.



Andre føringar

Internasjonalt arbeid

Georgia-prosjektet «Leave no child out»

Gjennom prosjektet «Leave no child out: building inclusive, equitable and quality preschool and general education systems for children in Georgia» i åra 2021–2023 arbeidde Statped saman med utdanningsdepartementet og Unicef i Georgia for å utvikle og etablere eit inkluderande støtte-system i Georgia. Inkludering, opplæring og redusert ulikheit var dei overbyggjande måla for prosjektet (berekraftsmål 4 og 10).

Frå januar 2024 vil Georgia etablere støttesystemet sitt som ein divisjon i eit direktorat under det georgiske utdanningsdepartementet. Dermed blir alle tenestene til skulene i landet samla i éin organisasjon. Statpeds rolle og ansvar har vore knytt til å utvikle ein ny organisasjonsmodell for støttesystemet og å planleggje og støtte etableringa. Ansvaret til det nye støttesystemet skal vere å gi råd og støtte til skulane om elevar med særskilde opplæringsbehov generelt, og om syn, høyrsel, samansette opplæringsbehov og åtferd spesielt.

Ein stor del av bidraget vårt var å utvikle og levere to opplæringsprogram. Formålet med programma var å byggje kapasitet og kompetanse og vere ein arena for å informere tilsette og bidra til å etablere det nye systemet. Om lag 25 deltakarar var med i leiarprogrammet. Frå september 2022 til april 2023 møttest dei fire gonger over to dagar i Tbilisi. Om lag 90 deltakarar var med i rådgivarprogrammet og møtte kvarandre seks gonger over to dagar i Tbilisi frå september 2022 til september 2023. Tilbakemeldingar frå samlingane viste at deltakarane var tilfredse med innhaldet og kunnskapen som Statped leverte. Parallelt med opplæringsprogramma bidrog vi til å utvikle strategiar, rolledokument for leiarar, serviceprofil, mission statement og så bortetter.

Utanriksdepartementet i Noreg finansierte prosjektet, og Statped deltok på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet i Noreg.

Anna internasjonalt arbeid

Statped fremja internasjonalt samarbeid og kunnskapsdeling innan fagområda våre mellom anna gjennom å samarbeide med SPSM og delta i nettverket ERN CRANIO. Forskningsprosjektet EST fokuserte på stammebehandling i samarbeid med UiO og internasjonale partnarar. Samarbeid

med Universitetet i Gröningen var ei viktig satsing på utdanning for døvblinde.

Vi engasjerte oss også i å utvikle læremiddel og teknologiske løysingar for å betre opplæringa av barn og unge med særlege behov, støtta av internasjonale prosjekt som Erasmus+.

Vi deltok dessutan på konferansar og messer for å bidra til fagleg utvikling og nettverksbygging. Prosjekt som «Gemensamma vägar» og NOVIR-nettverket fremja skandinavisk og nordisk samarbeid innan pedagogikk og spesialpedagogikk.

FNs berekraftsmål

Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening* er Noregs handlingsplan for å nå berekraftmåla innan 2030.

FNs berekraftsmål er ein handlingsplan for å løyse globale utfordringar som fattigdom, ulikskap og anstendig arbeid for alle. Med innsats for berekraftig utvikling er det viktig å løfte marginaliserte grupper. Eit av hovudprinsippa i måla er at ingen skal utelatast (Leaving no one behind).

Statpeds samfunnsoppdrag er å bidra til at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov får høve til å meistre eigne liv og vere aktive deltakarar i utdanning, arbeid og samfunnsniv på lik linje med andre. Stemma til brukaren er eit viktig prinsipp i tenesteytinga vår og eit satsingsområde for oss.

For Statped er særleg berekraftsmål 4 viktig. Målet handlar om å sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle. Sårbare grupper og elevar med funksjonsnedsetjing blir framheva i delmål 4.5 og 4.a.

- «**Delmål 4.5:** Innen 2030 avskaffe kjønnsforskjeller i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivåer innanfor utdanning og yrkesfaglig opplæring for sårbare grupper, inkludert personer med nedsatt funksjonsevne, urfolk og barn i utsatte situasjonar.
- **Delmål 4.a:** Etablere og oppgradere utdanningstilbud som er barnevennlige, og som ivaretar hensynet til kjønnsforskjeller og til personer med nedsatt funksjonsevne og sikrer trygge, ikke-voldelige, inkluderande og effektive læringsmiljø for alle.»

Ei kjerneoppgåve i Statped er å sikre at alle har tilgang til utdanning og opplæring. Vi er også skuleeigar for Diamanten skule for elevar med døvblindheit. Skulen er ein del av det statlege spesialpedagogiske opplæringstilbodet som skal bidra til at barn, unge og vaksne med særskilde opplæringsbehov får høve til å vere aktive deltakarar i eiga læring og utvikling.

Berekraftsmål 3, 10, 11 og 17 har også element som er viktig i arbeidet vårt:

- **Berekraftsmål 3:** «God helse og livskvalitet: Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder.» Vi skal stø i arbeidet med å fremje livskvalitet for alle i brukargruppa vår, uansett alder.
- **Berekraftsmål 10:** «Mindre ulikhet: Redusere ulikhet i og mellom land.»
Delmål 10.2: «Innen 2030 sikre myndiggjøring og fremme sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonal opprinnelse, religion eller økonomisk eller annen status.
- **Berekraftsmål 11:** «Bærekraftige byer og lokalsamfunn: Gjøre byer og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og bærekraftige.»

Målet kan inkludere å tilretteleggje utdanningsinstitusjonar og offentlege rom slik at dei er tilgjengelege og inkluderande for alle, ikkje minst dei med spesielle utdanningsbehov.

- **Berekraftsmål 17:** «Samarbeid for å nå målene: Styrke virkemidlene som trengs for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for bærekraftig utvikling». Målet handlar om samarbeid for å nå måla og legg vekt på globalt partnerskap for bærekraftig utvikling. Samarbeid på tvers av landegrensar og sektorar kan fremje å dele kunnskap, teknologi og ressursar for å støtte utdanning for alle, inkludert dei med spesielle læringsbehov.

For Statped er det viktig å integrere desse måla i strategien vår og arbeidet vårt. Døme er å utvikle og implementere læringsressursar, teknologiar og tenester som støttar inkluderande opplæring, reduserer skilnader og fremjar utdanning for alle. Samarbeid med nasjonale og internasjonale partnarar er også viktig når vi utvekslar kunnskap og ressursar og fremjar bærekraftig utvikling gjennom utdanning.

Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering

Sidan 2020 har KD etatsstyrt Statped. I 2023 hadde vi to etatsstyringsmøte og opplevde god styring. I løpet av hausten 2023 vidareutvikla samarbeidet seg godt mellom Statped og KD. Vi vidareførte også samarbeidet med Udir i 2023, noko som jamvel fungerte godt.

Styring i verksemda følgde metodane som var definerte i økonomireglementet og -instruksen og i tildelingsbrevet frå KD. Statpeds direktør fordelte hovudprioriteringar, mål- og resultatkrav og budsjett til einingane.

Risikostyring og internkontroll

Statped nytta DFØs modell da vi vurderte risiko for ikkje å nå måla vi sette oss. Vi la fram resultatata for KD i etatsstyringsmøte. Da vi utarbeidde saker som leiinga vår skulle behandle, vurderte vi også risiko knytt til å implementere og gjennomføre vedtak. Hausten 2023 gjennomførte vi kurs i å vurdere risiko for stabane i alle divisjonane våre.

Ny organisering innebar også at vi tilpassa arbeidet vårt med internkontroll til den nye måten vi hadde organisert oss på. I 2023 utarbeidde vi nye rutinar for å behandle saker og ein rettleiar for å behandle søknader om individtenester frå Statped. Vi innførte også nye rutinar for å samarbeide med UH om forelesingar og anna studierelatert arbeid, til dømes praksisplassar og sensorarbeid. Hausten 2023 gjekk vi gjennom praksisen vår for å registrere studierelaterte tenester, og vi innførte eit system for å sikre kvaliteten i registreringspraksisen vår. I 2024 vil vi halde fram arbeidet med å sikre lik praksis. Kvar veke følgde vi opp avvika som blei melde i avvikssystemet vårt. Til saman registrerte vi 79 avvik i 2023 innan HMS, IT-problematikk og bygningsdrift.

Effektiv ressursbruk

I 2023 vidareførte vi arbeidet med å tilpasse Statped til ei redusert økonomisk tildeling. Derfor jobba vi med tiltak for å

effektivisere drifta og ressursbruken i organisasjonen. Det viktigaste vi gjorde, var å effektivisere saksbehandlinga vår gjennom prosjekta «éi dør inn» og «tenesteforløp» (individtenester).

Prosjekta utarbeidde sjekklister for å behandle søknader. Kvar veke hadde divisjonane våre tverrfaglege møte for å handtere oppdrag. Like ofte var det møter mellom divisjonane for å sikre at søkjarar som trong det, fekk tenester med bidrag frå fleire divisjonar.

I 2023 innførte vi også ein oppstartsamtale innan 14 dagar for raskt å avklare kva PPT trong da vi hadde innvilga ein søknad. Slik reduserte vi ventetida for å få tenester sjølv om vi hadde færre tilsette enn før. Søknadsbehandlinga vår vart også raskare og betre fleirfagleg fundert. Likevel erfarte vi at ikkje alle saker vart starta opp så raskt som samtalen la opp til. Derfor vil vi følgje opp dette i 2024, sidan det tek tid å innføre nye rutinar.

Statped hadde framleis stor gjennomstrøyming i 2023, og i løpet av året fekk vi færre årsverk. For å førebu oss på lågare tildeling, etablerte vi rammar for å møte ei redusert

bemanning i 2024. Då statsbudsjettet for 2024 avklarte at Statped ikkje fekk eit trekk på 40 millionar kroner som vi var budde på, justerte vi bemanningsramma vår opp.

Landsdekkjande organisering av Statped påverka reiseverksemda og gav oss lengre og dyrare reiser. Årsaka var behova vi hadde for å utnytte spisskompetansen vår på tvers av landet.

Vi heldt fram frå tidlegare år med å utføre mange tenester digitalt heller enn fysisk. Digitale løysingar effektiviserte arbeidstida og ressursbruken vår i løpet av året, og løysingane gjorde det lettare for oss å nå fleire. Vi gav digital tenesteyting i lys av tilbakemeldingar frå brukarane om at dei ofte opplevde betre kvalitet enn då vi tilbød tenestene våre fysisk. I 2023 var om lag 38 % av kursa våre digitale, noko som var lågare enn i pandemiåra 2021 og 2022. I 2023 tilbød vi likevel digitale kurs som hovudregel, også i tråd med prinsippet om digitalt førsteval og å bruke data oppatt. Digitale kurs bidrog til å sikre enkel og lik tilgang til tenestene våre. Da vi gjennomførte fysiske kurs, vurderte vi nytta i lys av spesialpedagogisk fagområde, utfordringsbilete og kontekst.

Statped brukte Webex og Teams som digitale møteplattformer i 2023. Vi gjennomførte ca. 12.000 møte på Webex og ca. 25.000 møte på Teams.

Systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid

Helse-, miljø- og tryggingarbeidet var ein del av det løpande internkontrollarbeidet i Statped i 2023. Som følgje av den nye organiseringa vår etablerte vi eit felles system for helse, miljø og trygging (HMS) i heile etaten. Systemet vektla HMS som eit leiaransvar, og at eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø kviler på at oppgåver er tydeleg fordelte, og at tilsette medverkar aktivt. Systemet la også vekt på at leiarar og medarbeidarar bidreg saman til å skape eit arbeidsmiljø som utviklar alle medarbeidarane, fremjar helsa deira og er godt og sikkert. Vi utarbeidde eit styringsdokument med mål, ansvar og medverknad i HMS-arbeidet og ein tiltaksplan for 2023. Leiinga i Statped og IDF, AMU og vernetenesta samarbeidde om dokumentet.

I løpet av året vurderte vi også særskild risiko ved oppgåver med fare for alvorleg skade,

og vi sette i verk tiltak for å redusere risiko for dette. Konkret dreidde tiltaka seg om rutinar for å utføre arbeid sikkert, kurs for aktuelle tilsette og at vi kjøpte godkjent utstyr.

I 2023 gjennomførte vi for første gong vernerundar som kartla det fysiske arbeidsmiljøet i Statped samla i samarbeid med hovudverneombod (HVO) og lokal verne-teneste. Vi kartla digitalt, og administrative funksjonar varetok og følgde opp innmelde behov løpande.

Hausten 2023 kartla vi også det organi-satoriske og psykososiale arbeidsmiljøet vårt. Vi nytta medarbeidarundersøkinga i staten, MUST, som er utarbeidd av STAMI og DFØ. 78 % av dei spurde responderte på undersøkinga. Dermed fekk vi eit godt grunnlag for å vidareutvikle arbeidsmiljøet vårt. Arbeidet med å følgje opp resultatata av MUST held fram i 2024.

Ny organisering av Statped førte til at AMU også trong ny struktur. Frå 1. januar 2023 bestod nytt sentralt AMU av tre repre-sentantar, høvesvis frå arbeidstakar- og arbeidsgivarsida med vararepresentantar, og representant frå bedriftshelsetenesta (BHT) og sekretariat. Vi sørge for at alle

deltakarane fekk lovpålagd kurs i arbeidsmiljø. Dei som ikkje hadde kurset frå før, gjennomførte det i løpet av året.

I tråd med eit vedtak i AMU gjorde vi nokre strukturelle AMU-endingar, og ved utgangen av året var dei lokale verneomboda våre, som er geografisk oppnemnde, betre fordelte. Nye verneombod gjennomførte kurs i arbeidsmiljø.

I heile 2023 hadde AKAN, som er eit underutval av AMU, tilgjengelege kontaktar for alle i Statped som trong å rådføre seg om eige eller andre sin bruk av rusmiddel eller pengespel. Gjennom året var arbeidet i AKAN knytt til ein internt tilgjengeleg handlingsplan for å førebyggje rusproblem og skadeleg vanebruk.

Gjennom året hadde Statped også ein avtale med Falck bedriftshelsetenesta (BHT). Avtalen vart skipa i 2022 med BHT som partner i arbeidet med å følgje opp og vidareutvikle arbeidsmiljøet i Statped.

Oversikt over sjukefråvær i Statped 2019–2023

Statped prioriterte arbeidsmiljø høgt og førebygde og følgde opp sjukefråvær i alle avdelingar i løpet av året. Samanlikna med 2022 steig legemeldt sjukefråvær med 0,2 %, medan eigenmeldt sjukefråvær fall med 0,3 % og samla sjukefråvær fall med 0,1 %. I høve til 2021 var sjukefråværet i Statped stigande. Framover vil Statped jobbe systematisk for å førebyggje og redusere sjukefråværet og setje i verk tiltak der det trengst.

	2019	2020	2021	2022	2023
Legemeldt sjukefråvær	5,18 %	5,36 %	5,57 %	6,7 %	6,9 %
Eigenmeldt sjukefråvær	1,50 %	1,13 %	1,16 %	2,0 %	1,7 %
Samla sjukefråvær	6,68 %	6,49 %	6,73 %	8,7 %	8,6 %

Likestilling og tilgjengelegheit

I 2023 hadde Statped skeiv kjønnsfordeling med eit klart fleirtal kvinnelege tilsette. Trass i dette var gjennomsnittslønna for kvinner og menn i Statped tilnærma lik. I åra framover ønskjer vi ei jamnare kjønnsfordeling og er merksame på dette når vi tilset, men vi erfarer at kvinner er overrepresenterte på fagområda våre. I alle kunngjeringsar om ledige stillingar i 2023 oppmoda vi alle kvalifiserte kandidatar om å søkje uavhengig av kjønn, alder, funksjonsevne, hol i CV-en, nasjonal eller etnisk bakgrunn.

79 %
kvinner

21 %
menn



Kjønnsfordeling i Statped | Tilsette: 579

Toppleiing (direktørgruppa) | Tilsette: 9



Mellomleiarar (avdelingsleiarar) | Tilsette: 36



Seniorrådgivarar | Tilsette: 381



Rådgivarar | Tilsette: 91



Konsulentar (senior-/fyrste-) | Tilsette: 28



Undervisningspersonale | Tilsette: 24



Andre | Tilsette: 10



I 2023 hadde Statped 14 tilsette i vikariat / midlertidige stillingar; sju menn og sju kvinner. 36 tilsette hadde delstillingar; 30 kvinner (83 %) og sju menn (17 %).

Universell utforming (UU) handlar om å gjere noko tilgjengeleg for alle, og om å forme ut produkt og omgivnader slik at alle kan bruke dei. Statped prioriterte dette høgt i 2023. Vi fokuserte på at digitale tenester skulle oppfylle krava til UU. Derfor teksta og teiknspråktolka vi alle videoar, synstolka mange og brukte syns- og teiknspråktolk på store arrangement. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå brukargrupper og tilsette med stort utbytte av UU. I Statpeds kommunikasjonsplattform la vi vekt på å oppfylle krava til AA-tilgjengelegheit, fastsett i forskrift om universell utforming av IKT-løysingar.

Styring av bemanningsutviklinga

I 2023 etablerte vi ein prosess for å styre bemanning som eit verktøy for å sikre rett kompetanse og kapasitet på alle område. Vi innførte mellom anna bemanningsrammer slik at divisjonane våre fekk sjå til at talet på årsverk på slutten

av året ikkje oversteig tildelt ramme. Rammene tok utgangspunkt i kapasitets- og kompetansebehova i divisjonane innafor gjeldande økonomiske rammer. Føremålet var å utvikle bemanninga vår på ein god måte ved å styre ho systematisk og gjere ho føreseieleg. I desember reviderte vi bemanningsrammene våre etter at statsbudsjettet for 2024 vart lagt fram.

Utvikling av leiing, medarbeidarskap og kultur

I løpet av året etablerte vi prinsipp for å leie Statped. Føremålet var å sikre ei sams oppfatning i verksemda av kva godt leiarskap er, og korleis vi driv god leiing. Prinsippa brukte vi til å utvikle leiinga vår for å nå måla for etaten. Vi utarbeidde jamvel ei verktøykasse for leiingar innan tema frå det såkalla VI-programmet vårt, mellom anna

psykologisk tryggleik, tilbakemeldingskultur, medarbeidarskap og arbeid med verdier.

Fellesføringar

Lærlingar

Statped er knytt til opplæringskontoret i staten (OK Stat). Vi er ei godkjent lærebedrift i kontor- og administrasjonsfaget (service- og administrasjonsfaget), IKT-servicefaget og mediegrafikarfaget. OK Stat støttar oss i å annonsere, kontakte fylkeskommunar, utarbeide lærekontraktar og kurse fagleiarar og instruktørar.

To lærlingar i kontor- og administrasjonsfaget i Oslo avslutta lærlingløpet sitt og bestod fagprøva si i 2023. Ved utgangen av året hadde vi éin lærling i mediegrafikarfaget i Trondheim.

Tal på lærlingar i Statped pr. skuleår

2019–2020	2020–2021	2021–2022	2022–2023
2	2	3	3

Statped ønsker å ta opp nye lærlingar i 2024. Vi registrerer at aktuelle fagområde for oss er etterspurde i marknaden, men har låge opptakstal. Derfor gjer mangel på kandidatar det krevjande for oss å rekruttere lærlingar. Statped tok i løpet av året også imot studentar i praksis på fleire av fagområda våre, mellom anna studentar på tolkestudium (norsk teiknspråk).

Konsulentbruk

I 2023 reduserte vi kostnadane våre til konsulentbruk. Hovudårsaka var at i 2022 avslutta vi mange av aktivitetane våre som var knytt til å omstille Statped. I 2023 brukte vi framleis nokre konsulenttenester der vi ikkje hadde kapasitet eller kompetanse internt. Mellom anna fekk vi juridisk bistand til anskaffingar og kontraktar, personvern og arbeidsrett. Vi kjøpte også tenester innan tryggleik og beredskap. Dette var nødvendig for å overhalde lov og regelverk.

I 2024 ventar vi at konsulentbruken vår vil auke noko, ettersom vi skal gjennomføre eit stort lokaliseringsprosjekt der vi skal flytte og byggje om. Til dette vil vi kjøpe tenester gjennom Statsbygg.



Desentralisert arbeid

I løpet av 2023 vurderte vi dei geografiske lokasjonane våre i lys av omstillinga av Statped. Etter at KD hadde behandla saka, heldt vi fram med den geografisk desentraliserte strukturen som vi hadde frå før. I praksis fordelte vi oss på tolv lokasjonar. Vi har flere kontorsteder enn de 12 lokasjonene, der fleire hadde færre enn ti tilsette.

Vi lyste ut stillingar der vi hadde behov for kompetanse. I praksis tilbød vi tilsetting på ein av fleire aktuelle kontorstader. Vi tok ikkje fleire initiativ til desentralisert arbeid i 2023.

Tryggleik og beredskap

I 2023 gjennomførte vi ein ROS-analyse. Vi kartla eigne verdiar og la dei til grunn for å vurdere risiko og sårbarheit på områda samfunnstryggleik og beredskap, informasjonstryggleik, personvern og nasjonale interesser. Analysen avdekte risikoar som vi følgde opp ut frå kor kritiske dei var. I 2024 følgjer vi opp gjennom å verifisere, konkretisere, prioritere, planleggje og gjennomføre tiltak.

Vi gjennomførte også ei øving knytt til

samfunnstryggleik. Viktige læringspunkt var mellom anna å gå gjennom og justere kontinuitetsplanane våre og styrkje beredskapskompetansen til linjeleiarane våre.

Dessutan arbeidde vi systematisk med tiltak for å beskytte informasjonssystema våre mot uautorisert tilgang, skade eller misbruk ut frå grunnprinsippa for IKT-tryggleik frå Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM). Vi etablerte også eit rammeverk for å forvalte system og kartleggje einingar, programvare, identitetar og tilgangar, og vi inngjekk ein avtale om tenester frå Cybersikkerhetssenteret for forskning og utdanning for å oppdage og fjerne kjende sårbarheiter, og for å etablere rutinar og analysere data for å overvake trygging.

I 2024 held vi fram å arbeide med styringssystem for trygging samordna med informasjonstrygging og verksemdstyring.

Personvern

Statped hadde eksternt personvernombod i 2023. Vi kjøpte også tenester for å følgje opp personvernlova systematisk. Mellom anna gjekk vi gjennom og oppdaterte behandlingsoversikta vår, og vi vurderte personvernkonsvensar i form av Data

Protection Impact Assessment (DPIA) i aktuelle saker. Personvernombodet hjelpe til i arbeidet med å utvikle behandlingsoversikta. Vi gjekk også gjennom dei eksterne og interne personvernerklæringane våre med sikte på å oppdatere dei, og vi vil jobbe vidare med det i 2024.

Gjennom heile 2023 brukte vi Google Analytics for å følgje opp bruken av statped.no. For å styrkje personvernet for alle på statped.no, tok vi for ei tid attende ned demografiske data og krypterte IP-adresser. Vi hadde også alt laga ei personvernerklæring for Facebook-sidene våre og sperra bruken vår av Messenger.

I 2023 måtte vi melde eit avvik som var så alvorleg at det blei naudsynt for oss å varsle Datatilsynet. Avviket var knytt til menneskeleg svikt. Vi melde saka i høve til tidsfristar og følgde ho opp både internt og eksternt. Saka vart avslutta i 2023.

Vurdering av framtidsutsikter

For å følgje opp tiltaksplanen for omstillinga av Statped i 2024 vil vi særleg jobbe for at

- vi bidreg tydelegare til spesialpedagogisk og teiknspråkleg kompetanse i laget rundt barnet og eleven
- kommunane får riktig hjelp frå oss, enklare og til riktig tid
- oppgåveløysinga vår blir meir effektiv knytt til å behandle søknader, jobbe med individtenester og evaluere kurs

I 2024 går vi inn i det siste året for å omstille Statped, og vi må halde fram med å utvikle og tilpasse tenestetilbodet vårt slik at vi bidreg effektivt til inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Dette inneber

å balansere mellom å halde oppe eit høgt nivå av tenester og samtidig sikre ein effektiv og berekraftig organisasjon.

Statped må møte utfordringane i opplæringssektoren på fleire nøkkelområde framover. Sektor treng framleis å satse på å heve kompetansen sin og tilretteleggje, både for å sikre lik tilgang og like tenester til alle barn og elevar, og for å oppnå målet om ei inkluderande og likeverdig opplæring. I 2023 betra vi søknadsprosessane våre gjennom prosjekta «éi dør inn» og «tenesteforløp». Dette var positive steg mot enklare og raskare tilgang til tenester og meir føreseielege tenesteforløp for mottakarane.

Vidare må vi utvide arbeidet med å gjere tilbodet vårt meir synleg og tilgjengeleg for kommunar og fylkeskommunar, og styrkje samarbeidet med Statsforvaltaren, PPT og andre relevante aktørar for å sikre ein meir koordinert og effektiv innsats. Dette inneber å kommunisere tydeleg om tenestene våre og auke forståinga for dei ulike behova innan spesialpedagogikk

og teiknspråk som barn og elevar har i kommunane på tvers av landet vårt.

Å digitalisere og utvikle nye læremiddel er med på å sikre at barn og elevar, inkludert dei med særskilde behov, får tilgang til kvalitetsopplæring. Her er det viktig å auke fokuset på universell utforming og å tilretteleggje for alternative kommunikasjonsformer, som ASK.

Vi må også styrkje Statpeds rolle i å samarbeide med sektor for å sikre at innsatsen vår er koordinert på tvers av fagområde og geografiske grenser. Dette krev at vi framleis har fokus på å byggje nettverk og dele kompetanse, både gjennom kurs, konferansar og direkte samarbeid med barnehagar og skular.

Utvalde område vi ønskjer å trekkje fram i 2024

Alvorleg skulefråvær

Elevar med nevroutviklingsforstyrningar

(ADHD, Tourettes syndrom og autisme-spekterforstyrningar) er overrepresenterte blant barn/elevlar med alvorleg og urovekkjande skulefråvær. Dette var temaet der flest kommunar søkte Statped om systemtenester i 2023. Skulefråvær var jamvel det mest etterspurde temaet i kompetanseløftet. I møte med 2024 vurderer vi at risikoen i opplæringssektoren framleis er høg. Basert på kunnskapen vi har opparbeidd oss frå kompetansepakkaner rundt alvorleg skulefråvær og nevrotilstandar, ønskjer vi å utvikle tenester rundt skulenærvær for alle brukargruppene våre.

Fullføringsreforma

Fullføringsreforma har ein tidshorisont på ti år. Ho har rundt 100 tiltak for å betre kvaliteten på og tilgangen til vidaregåande opplæring. Statped er aktivt engasjert i arbeidet med å støtte fullføringsreforma gjennom å bidra til gjennomføringa av vidaregåande opplæring. Reforma tek sikte på å løyse fleire utfordringar, som å tilpasse opplæringa for elevlar med svake faglege føresetnader, og sikre at fagopplæringa dekkjer behova både hos elevane og i arbeidslivet. Vi bidreg ved å tilby spesialpedagogisk støtte og ressursar. Målet er å fremje inkluderande praksis og sikre at

elevlar med særlege behov får tilrettelegginga dei treng for å fullføre utdanninga si.

Oppfølging av Teiknspråkutvalet

I juni 2023 leverte Teiknspråkutvalet NOU 2023:20 *Tegnspråk for livet – Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk*. Utvalet tilrår tiltak innafor lovregulering/rettar, tilbod til teiknspråklege, kompetanseutvikling, læremiddel og informasjons-/retteiingstiltak.

I samband med oppfølginga av arbeidet reknar Statped med å få oppdrag knytt til tiltak retta mot teiknspråklege barn, elevlar og familiare deira.

Læringsressursar og læremiddel

Vi er nógde med at satsinga på læremiddel til brukarane våre er vidareført. Tilrettelagde læremiddel og gode læringsressursar er med på å sikre at laget rundt får betre kompetanseheving, og at barna og elevane får nye læremiddel som er tilpassa behova deira.

Kompetanseløftet

2024 er førebels det siste året der Statped er knytt til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Det er viktig å avklare kva rolle Statped skal ha

etter 2024, og om eventuelle endringar knytt til NOU 2022: 13 *Med vidare betydning – Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole* vil påverke oss.

Ny opplæringslov

Den nye opplæringslova med forskrifter skal gjelde frå august 2024. Det er viktig for oss å sikre kompetanse rundt endringar i regelverket hos tilsette i Statped, og at vi bidreg med oppdatert kunnskap i rådgivinga vår ute i skular og barnehagar. Vi samarbeider med Udir kring opplæringa som Statped tilbyr, og vi vil utarbeide kurspakkar og halde workshopar.

Samarbeid med UH

Vesentlege endringar for Statped som følgje av nytt rammeverk for å samarbeide med UH-sektoren, er å prioritere utdanningar der vi skal bidra, prissetje dei studierelaterte tenestene våre og bruke avtalar om samarbeid berre ved behov for å avklare mål, roller, eigarskap og økonomi.

Det er eit godt samarbeid rundt overgangen med NTNU om å vidareføre og vidareutvikle erfaringsbasert master i audio- og synspedagogikk. Det er klart for opptak

til eit vidareført studium hausten 2024, og det blir jobba parallelt med å utvikle studiet vidare. Studiet og arbeidet med det er viktig for å sikre kompetanse i opplæringssektoren om barn og elevar med sansetap. Statped vil halde fram med å bidra med praksisnær kunnskap.

Spesialisthelsetenesta

I 2024 vil vi inngå nye avtalar med spesialisthelsetenesta. Dette omfattar også nye samhandlingsrutinar om strakstilbod innan syn, høyrsel og erverva hjerneskade, og ein eigen avtale om samarbeid knytt til LKG.

Implementere tenesteforløpet

I byrjinga av 2024 skal Statped implementere tenesteforløp for individtenester. Tenesteforløpet tek for seg rammer, fasar og aktivitetar innafor Statpeds rådgivings- og rettleiingstenester for meir einskapleg og heilskapleg praksis. Dette vil bidra til lik kvalitet og tilgang og gjere Statpeds bidrag tydelegare eksternt.

Verksemdsstrategi – prioriterte område for 2024

I 2023 ferdigstilte vi verksemdstrategien vår for 2023–2027. Han gir oss retning og vil hjelpe til med å prioritere tiltak og innsatsar.

Vi vil ha fokus på desse innsatsområda i 2024:

- **Innsatsområde 1:** Starte opp kompetanseprosjekt med opplæringsmodular for kommunar og fylkeskommunar
- **Innsatsområde 2:** Utvikle strategi og mandat for arbeidet med ASK
- **Innsatsområde 3:** Utvikle strategi i samsvar med mandat for SEAD
- **Innsatsområde 4:** Forarbeid for å identifisere behov for læremiddel og kompetanse i å bruke læremiddel knytt til fag
- **Innsatsområde 5:** Slutføre arbeid med ny struktur for å samarbeide med UH
- **Innsatsområde 6:** Gjere direktoratsrolla vår tydeleg

Digitaliseringsarbeidet i Statped

Statped vil i 2024 utforme ein digital strategi. Han skal støtte opp under verksemdstrategien og vil også omfatte kunstig intelligens (KI).

Digitalt førsteval er viktig både for intern og eksternt samhandling. Bruk av KI og teknologi bør utforskast for å betre tenesteytinga og læremiddelproduksjonen, men på ein forsvarleg måte, og med basis i reelle behov og vinstar. Vi arbeider kontinuerleg med nye måtar å løyse samfunnsoppgdraget

vårt på, og vi vil følgje utviklinga og halde fram med å digitalisere og automatisere planlagde prosessar i 2024. Som ein del av dette vil vi gå i gang med å vurdere nytt fagsystem for verksemda.

Vurdering av organisasjonsmodellen

I 2024 vurderer vi organisasjonsmodellen vår, som vi har hatt sidan 1. mai 2022. Vi må sikre rett dimensjonering og føreseielege bemanningsrammer for å rekruttere folk i tide og vareta nødvendig drift og utvikling. Her vil landsdekkjande tenester og arbeidsmodellar vere viktige. Døme kan vere strategisk arbeid og å utvikle tenester som ASK og «Spør oss».

Evaluering og brukarundersøkingar

Statped skal i 2024 halde fram arbeidet med å utvikle evaluering som ein del av Kvalitetsarbeidet vårt. I løpet av året vil vi prioritere å evaluere individtenester i samsvar med tenesteforløp-prosjektet, og evaluere søknadsskjema i samheng med «éi dør inn». Vi vil også gjennomføre Statpedundersøkinga hausten 2024.





Regnskap 2023

Ledelseskommentar årsregnskap 2023

Statpeds hovedmål i 2023:

- Kommuner og fylkeskommuner får tjenester og støtte til kompetanseutvikling som fremmer læring, utvikling og deltakelse i et inkluderende fellesskap til barn og elever med varige og komplekse spesialpedagogiske behov.
- Barn og elever med rett til opplæring i og på tegnspråk er inkludert både i et norsk/samisk og et norsk tegnspråklig fellesskap.
- Kommuner og fylkeskommuner har tilrettelagte læremidler og pedagogisk materiell som fremmer læring, utvikling og deltakelse for tegnspråklige, blinde og sterkt svaksynte barn og elever i et inkluderende fellesskap.

Statped ble organisert som en nasjonal etat 1. januar 2013. Fra 1. mai 2022 ble etaten omorganisert, og vi gikk fra regional til landsdekkende organisering med sju divisjoner og en kommunikasjonsstab. Divisjoner for rådgivningstjenestene er aldersinndelte, og vi har egne divisjoner for skoledrift og tegnspråkopplæring, læremidler og læringsressurser og strategiske og administrative oppgaver. Statped har ansatte på tolv lokasjoner i hele landet. Direktøren har kontorsted i Oslo.

Statped er et ordinært statlig forvaltningsorgan som fører regnskap i henhold til kontantprinsippet, slik det framgår av prinsippnoten til årsregnskapet. Årsregnskapet utgjør del VI i årsrapporten for 2023 fra Statped til KD.

Bekreftelse

Årsregnskapet er avlagt i henhold til bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 fra Finansdepartementet, samt virksomhets- og økonomiinstruks i Statped fra Kunnskapsdepartementet. For inntekter knyttet til kapittel 3230 post 01 beregnes dekningsbidrag i tråd med retningslinjer fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) i brev av 29. mai 2006, og rundskriv F-035-02 *Nytt reglement om forvaltning av eksternt finansiert virksomhet ved universiteter og høyskoler og om disse institusjonenes samarbeid med andre rettssubjekt*, utarbeidet av Utdannings- og forskningsdepartementet 20. desember 2002. Statped følger disse retningslinjene så fremt ikke den enkelte avtale med oppdragspartnerne spesifikt legger andre forutsetninger til grunn, slik rundskrivet også gir mulighet for.

Inntekter fra eksternt finansierte oppdrag som Statped påtar seg, skal benyttes i henhold til de krav som avtales med eksternt oppdragsgiver. Det skal inngås avtale knyttet til hvert enkelt oppdrag.

Jeg mener regnskapet gir et dekkende bilde av Statpeds disponible bevilgninger,

regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld.

Vurderinger av vesentlige forhold Omstilling

I 2020 fikk Statped nytt mandat som følge av Meld. St. 6 (2019–2020). Et viktig nasjonalt tiltak i meldingen er gjennomføringen av kompetanseløftet, som skal sikre kompetanse i kommuner og fylkeskommuner. Omstillingen som helhet skal gjennomføres fra 2020 til 2024, og i denne perioden skulle tildelingen reduseres med 155 millioner kroner. Som følge av dette har Statped vært i en utfordrende situasjon med betydelig reduksjon i forestående tildelinger, samtidig som vi skulle opprettholde et høyt nivå på tjenesteleveranse og drift. Fram til og med 2023 har Statped tatt ned 115 millioner kroner av reduksjonen, og vi har redusert kostnadene gjennom 2023 for å være forberedt på å ta ned de siste 40 millionene i 2024. Etter at det ble vedtatt i Statsbudsjettet for 2024 at den siste reduksjonen ikke skal gjennomføres, går vi nå inn i siste år av omstillingen med et tildelingsnivå som gir handlingsrom og forutsigbarhet i årene framover.

Samlet mindreforbruk (Note B)

I 2023 har Statped en samlet tildeling på utgiftssiden på 678,2 millioner kroner. Etaten har regnskapsført 636 millioner kroner på de samme budsjettkapitlene. Etaten har et netto mindreforbruk på kap/post 0230 01 på 29,326 millioner kroner (4,7 % av årets tildeling på posten) og kap/post 0230 45 på 8,283 millioner kroner. Mindreforbruket er søkt overført til 2024.

Det meste av mindreforbruket gjelder lønnskostnader. Statped har fortsatt høy turnover, og i løpet av 2023 er antall årsverk ytterligere redusert for å forberede etaten på reduserte tildelinger. Avklaringen om at nedtrekket på 40 millioner kroner ikke gjennomføres, kom sent på året, og en oppbemanning vil ikke få virkning før i 2024.

Tildelingen i revidert nasjonalbudsjett på 10 millioner kroner til økt innsats på læremiddelfeltet, påvirker også mindreforbruket. Det ble planlagt mange aktiviteter og lagt ned mye ressurser for å gjennomføre så mye som mulig i 2023, men tiltak for i overkant av 5 millioner pågår og var ikke mulige å ferdigstille før årsskiftet.

Ettersom det ikke er satt av egne omstillingsmidler, har Statped planlagt for mindreforbruk for å ha en buffer til tiltak i omstillingen. Disse midlene benyttes gjennom året og bindes ikke opp i ansettelser eller andre kostnader fram i tid.

Etatens driftskostnader – lønn og husleie (note 2 og del av 3)

Kostnadene til lønn (netto inkludert refusjoner) og husleie på til sammen 504 millioner kroner utgjør 83 % av etatens samlede kostnader på postene 01 og 21.

Kostnadene til husleie og lokasjonsdrift har gått videre ned sammenlignet med 2022. Dette er en følge av at Statped har redusert areal gjennom fortetting og avvikling av lokasjoner gjennom omstillingsperioden. I 2024 planlegges det ytterligere fortetting på Heimdal. Det forventes også innsparing ved at Diamanten skole flytter til Hovseter, samt at det i Bergen skal flyttes inn i nye lokaler.

Statped som kompetanseorganisasjon forventer at lønns- og husleiekostnadenes andel av de totale kostnadene vil være relativt høy også i fremtiden.

Kjøp av fremmede tjenester og konsulenttjenester, arrangements- og reisekostnader og utstyrsanskaffelser (note 3)

Det er totalt en marginal økning i ovennevnte kostnadsgrupper fra 2022 til 2023. Det ble i disse gruppene regnskapsført 64,9 millioner kroner i 2023 mot 64,6 millioner kroner i 2022.

Det er en nedgang i kjøp av fremmede tjenester og konsulenttjenester fra 2022 til 2023 på 4,8 millioner kroner. Dette skyldes at de fleste tiltak i omstillingsprosjektet ble avsluttet i 2022. Ettersom Statped i 2024 skal gjennomføre et stort lokasjonsprosjekt der vi blant annet kjøper tjenester fra Statsbygg, er det forventet at kostnadene på postene vil øke igjen i 2024.

Statped skal gi alle kommuner og fylkeskommuner lik tilgang på tjenester. Det medfører en utstrakt reisevirksomhet for våre ansatte. Reisekostnadene har økt med 5,4 millioner kroner fra 2022 til 2023. Årsaken til dette er at reisevirksomheten i 2022 ble noe påvirket av pandemien og redusert, samt at den landsdekkende organiseringen fra 1. mai 2022 påvirker reisekostnadene, med lengre og dyrere reiser. Det vil være krevende for Statped

å redusere reisekostnadene, gitt at vi skal levere tjenester som forutsetter spisskompetanse på små og spesialiserte kompetanseområder, innen flere fagområder og til brukere i hele landet. Dette krever i noen grad lengre og flere reiser, slik at de samlede reiseutgiftene øker.

Mellomværendet med statskassen utgjorde 45,068 millioner kroner per 31. desember 2023. Oppstillingen av artskontorrapporteringen viser hvilke eiendeler og gjeld differansen består av. Det er i tillegg balanseført 3,9 millioner kroner.

Tilleggsopplysninger

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekrefter årsregnskapet for Statped. Årsregnskapet er ikke ferdig revidert per dags dato. Revisjonsberetningen antas å foreligge i løpet av 2. kvartal 2024. Beretningen er unntatt offentlighet fram til Stortinget har mottatt Dokument 1 fra Riksrevisjonen, men den vil bli publisert på Statped nettsider så snart dokumentet er offentlig.



Prinsippnote

Årsregnskap for Statped er utarbeidet og avlagt etter nærmere retningslinjer fastsatt i bestemmelser om økonomistyring i staten, fastsatt 12. desember 2003 med endringer, senest 20. desember 2022.

Årsregnskapet er i henhold til krav i bestemmelsene punkt 3.4.1, nærmere bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fastsatt av Kunnskapsdepartementet i Hovedinstruks for økonomiforvaltningen i Statped og i tildelingsbrevet for 2023.

Deler av Statpeds virksomhet finansieres gjennom eksterne oppdragsinntekter. Oppdragene inntektsføres over kap 3230 post 01, og utgiftene for oppdragene føres på kap. 0230 post 21. Inntekter og utgifter for oppdrag skal være i balanse. For oppdrag inngås det avtaler med oppdragsgivere. Oppdragene er ofte flerårige, og bevilgning for aktiviteter som skal gjennomføres i et annet budsjettår, balanseres ved årsavslutningen. Utgifter til administrasjonskostnader dekkes gjennom beregning av overhead. Det er utarbeidet en intern rutine for oppfølging av oppdrag.

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen og artskontorrapporteringen er utarbeidet med utgangspunkt i bestemmelsene punkt 3.4.2 – de grunnleggende prinsippene for årsregnskapet:

- a. Regnskapet følger kalenderåret.
- b. Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret.
- c. Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp.
- d. Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapportering er utarbeidet etter de samme prinsippene, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippene korresponderer med krav i bestemmelsene punkt 3.5. Sumlinjen Netto rapportert til bevilgningsregnskapet er lik i begge oppstillingene.

Alle statlige virksomheter er tilknyttet statens konsernkontoordning i Norges Bank i henhold til krav i bestemmelsene pkt. 3.7.1. Statped, som ordinært forvaltningsorgan (bruttobudsjettert virksomhet), tilføres ikke likviditet gjennom året. Ved årets slutt nullstilles saldoen på den enkelte oppgjørskonto ved overgang til nytt år.

Alle tall er i hele kroner.

Bevilgningsrapporteringen

Oppstillingen av bevilgningsrapporteringen omfatter en øvre del med bevilgningsrapporteringen og en nedre del som viser beholdninger virksomheten står oppført med i kapitalregnskapet.

Bevilgningsrapporteringen viser regnskapstall som Statped har rapportert til statsregnskapet. Det stilles opp etter de kapitler og poster i bevilgningsregnskapet som etaten har fullmakt til å disponere. Oppstillingen viser alle finansielle eiendeler og forpliktelser Statped står oppført med i statens kapitalregnskap. Kolonnen for samlet tildeling viser hva virksomheten har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev fra Kunnskapsdepartementet og tillegg til tildelingsbrev for hvert kapittel/post.

Statped har mottatt fullmakt til å belaste kapittel/post 0220 21 – Tilrettelegging av prøver og eksamen, fra Utdanningsdirektoratet.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samlet tildeling, men bokføres

og rapporteres ikke til statsregnskapet fra virksomheten selv. Avgitte belastningsfullmakter bokføres og rapporteres av virksomheten som har mottatt belastningsfullmakten, og vises derfor ikke i kolonnen for regnskap. De avgitte fullmaktene framkommer i note B til bevilgningsrapporteringen.

Artskontorrapporteringen

Oppstillingen av artskontorrapporteringen har en øvre del som viser hva som er rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter, og en nedre del som viser grupper av kontoer som inngår i mellomværende med statskassen.

Artskontorrapporteringen viser regnskapstall Statped har rapportert til statsregnskapet etter standard kontoplan for statlige virksomheter. Etaten har en trekkrettighet for disponible tildelinger på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingene skal ikke inntektsføres og vises derfor ikke som inntekt i oppstillingen.

Note 8 til artskontorrapporteringen viser forskjeller mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Leilighet i Trondheim

Statped eier en borettslagsleilighet i Midteggen borettslag med adresse Søbstadvegen 65, 7088 Heimdal. Kostpris er beregnet til 248.000 kroner. Den leies for tiden ut, og inntektene føres mot kapittel/post 3230 02. Det er planlagt salg av leiligheten, og Kunnskapsdepartementet vil fremme forslag om dette til revidert nasjonalbudsjett, slik at salgsprosessen kan starte etter sommeren 2024.



Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2023

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling**	Regnskap 2023	Merutgift (-) og mindreutgift
0223	Statlige skoler og fjernundervisningstjenester	01	Driftsutgifter statlige skoler		28 550 000	26 066 648	2 483 352
0223	Statlige skoler og fjernundervisningstjenester	45	Større anskaffelser statlige skoler		840 000	410 791	429 209
0230	Statlig spesialpedagogisk støttesystem	01	Driftsutgifter		601 597 000	567 337 476	34 259 524
0230	Statlig spesialpedagogisk støttesystem	21	Spesielle driftsutgifter		26 199 000	29 430 319	-3 231 319
0230	Statlig spesialpedagogisk støttesystem	45	Større anskaffelser og vedlikehold		19 032 000	10 748 398	8 283 602
0220	Utdanningsdirektoratet - Spesielle driftsutgifter	21	Utdanningsdirektoratet - Spesielle driftsutgifter		2 025 693	2 025 693	
Sum utgiftsført					678 243 693	636 019 326	

Inntekts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling**	Regnskap 2023	Merutgift (-) og mindreutgift
3223	Statlige skoler og fjernundervisningstjenester	02	Salgsinntekter statlige skoler		685 000	979 755	294 755
3230	Statlig spesialpedagogisk støttesystem	01	Oppdragsinntekter		26 199 000	29 430 319	3 231 319
3230	Statlig spesialpedagogisk støttesystem	02	Salgsinntekter		7 514 000	2 580 876	-4 933 124
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter		0	984 908	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	53 282 458	
Sum inntektsført					34 398 000	87 258 315	
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet						548 761 010	

Kapitalkontoer

60093501	Norges Bank KK /innbetalinger					68 268 035	
60093502	Norges Bank KK/utbetalinger					-608 830 142	
702962	Endring i mellomværende med statskassen					-8 198 904	
Sum rapportert						0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

Konto	Tekst	2023	2022	Endring
xxxxxx	[Aksjer]	0	0	0
702962	Mellomværende med statskassen	-45 067 661	-36 868 757	-8 198 904

*Merk at tilleggskolonene er kun aktuelle for virksomheter som har avgitt belastningsfullmakt på inntektskapittel. Tilleggskolonene skal utelates når det ikke er gitt slik belastningsfullmakt.

** Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjelder både for utgiftskapitler og inntektskapitler). Se note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år for nærmere forklaring.

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0230 01	20 406 000	581 191 000	601 597 000
0230 45	8 577 000	10 455 000	19 032 000
0230 21	0	26 199 000	26 199 000
0223 01	418 000	28 132 000	28 550 000
0223 45	476 000	364 000	840 000
0220 21	0	2 025 693	2 025 693

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
022301		2 483 352		2 483 352	295 000			2 778 352	[5 % av årets tildeling i note A]	2 778 352
022345	"kan overføres"	429 209		429 209				429 209	[Sum årets og fjorårets tildeling]	429 209
023001		34 259 524	-790 000	33 469 524	-4 933 000			28 536 524	[5 % av årets tildeling i note A]	28 536 524
023021	"kan nyttes under post 01"	3 231 319		3 231 319				3 231 319		
023045	"kan overføres"	8 283 602		8 283 602				8 283 602	[Sum årets og fjorårets tildeling]	8 283 602
xxxx70						0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell
xxxx75					"overslagsbevilgning"	0	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5 % av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet «kan overføres». Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2023

	Note	2023	2022
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	29 430 319	24 988 528
Salgs- og leieinnbetalinger	1	2 875 631	6 013 113
Andre innbetalinger	1	685 000	0
Sum innbetalinger fra drift		32 990 950	31 001 640
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	439 573 960	437 305 237
Andre utbetalinger til drift	3	170 099 991	190 873 812
Sum utbetalinger til drift		609 673 951	628 179 049
Netto rapporterte driftsutgifter		576 683 001	597 177 409
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investering og finnasinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	26 336 077	16 707 811
Utbetaling til kjøp av aksjer	5, 8 del B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	9 298	2 570
Sum investerings- og finansutgifter		26 345 375	16 710 381
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		26 345 375	16 710 381
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten*			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0

	Note	2023	2022
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten*			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	0	0
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler **			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		984 908	782 775
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		53 282 458	52 213 393
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		0	0
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-54 267 365	-52 996 167
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		548 761 010	560 891 623
Oversikt over mellomværende med statskassen ***			
Eiendeler og gjeld			
Fordringer på ansatte		123 345	97 679
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-19 440 222	-16 396 560
Skyldige offentlige avgifter		-34 481	-46 807
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse****		-21 804 355	-16 689 741
Mottatte forskuddsbetalinger		-3 947 504	-3 882 930
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m)		42 401	49 602
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		-6 845	0
Sum mellomværende med statskassen	8	-45 067 661	-36 868 757

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2023	31.12.2022
Innbetalinger fra gebyrer		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer		
Tilskudd fra andre statlige virksomheter	24 284 579	23 586 822
Tilskudd fra EU	148 153	389 676
Tilskudd fra organisasjoner og stiftelser	4 997 587	1 012 030
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	29 430 319	24 988 528
Salgs- og leieinnbetalinger		
Salgsinntekt varer avgiftspliktig	6 146	390
Salgsinntekt tjenester, avgiftspliktig	59 450	881 674
Læremidler, hjelpemidler	175 552	450 697
Annen salgsinntekt varer, avgiftsfri mva lov kap 6	8 330	6 717
Salgsinntekt varer, unntatt avgiftsplikt	0	10 500
Kursinntekter	110 000	838 925
Refusjon for tjenester – salgsinntekt	1 502 455	2 882 460
Betaling fra offentlig virksomhet vedr. skole, barnehage, internatplass	911 098	826 200
Leieinntekt fast eiendom, unntatt avgiftsplikt	0	5 500
Hus-/fremleieinntekter, egne/andre leide bygg	102 600	110 050
Sum salgs- og leieinnbetalinger	2 875 631	6 013 113
Andre innbetalinger		
Salgssum anleggsmidler, unntatt avgiftsplikt	685 000	0
Sum andre innbetalinger	685 000	0
Sum innbetalinger fra drift	32 990 950	31 001 640

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2023	31.12.2022
Lønn	379 094 960	374 907 811
Arbeidsgiveravgift	53 282 458	52 213 393
Pensjonsutgifter*	33 498 572	32 207 969
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-34 471 849	-30 925 036
Andre ytelser	8 169 820	8 901 101
Sum utbetalinger til lønn	439 573 960	437 305 237
Antall utførte årsverk:	494	516

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2023	31.12.2022
Husleie	64 665 727	66 464 061
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	272 479	653 031
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	14 959 661	19 381 391
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	320 242	183 294
Mindre utstysanskaffelser	1 160 401	1 946 053
Leie av maskiner, inventar og lignende	10 101 586	9 492 546
Kjøp av konsulenttenester	19 804 204	24 609 389
Kjøp av andre fremmede tenester	5 896 509	5 908 739
Reiser og diett	27 948 663	22 485 024
Øvrige driftsutgifter	24 970 520	39 750 284
Sum andre utbetalinger til drift	170 099 991	190 873 812

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2023	31.12.2022
Innbetaling av finansinntekter		
Inntekter fra eiendeler i selskap m.m	0	0
Salgssum ved realisasjon av verdipapirer	0	0
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	9 298	2 554
Valutatap	0	16
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	9 298	2 570

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2023	31.12.2022
Utbetaling til investeringer		
Immaterielle eiendeler og lignende	36 430	105 319
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	4 301 600	499 800
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	21 998 047	16 102 692
Sum utbetaling til investeringer	26 336 077	16 707 811

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til stater

	31.12.2023	31.12.2022
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2023	31.12.2022
Tilskudd til kommuner	0	0
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0

Note 8

Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2023	31.12.2023	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	656 787	0	656 787
Andre fordringer	123 345	123 345	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	780 132	123 345	656 787
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-39 144 206	0	-39 144 206
Skyldig skattetrekk	-19 440 222	-19 440 222	0
Skyldige offentlige avgifter	-34 481	-34 481	0
Annen kortsiktig gjeld	-4 865 390	-25 716 304	20 850 914
Sum	-63 484 298	-45 191 007	-18 293 292
Sum	-62 704 166	-45 067 661	-17 636 505

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler, fyller også ut note 9 B

Statped er den statlege spesialpedagogiske tenesta for kommunar og fylkeskommunar.

Vi samarbeider for å sikre god og tilpassa opplæring for alle.

Vi tilbyr kompetanseheving i barnehagar og skular og bistand i enkeltsaker.